



Løyve etter forureiningslova for utslepp av kommunalt avløpsvatn og utslepp av overvatn frå avløpsanlegg i Stord tettstad i Stord kommune

Løyve er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 22 og 40, og forureiningsforskrifta § 14-4.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i Hovudplan avløp (2015-2026) og godkjent framdriftsplan for ferdigstilling av fire nye reinseanlegg i tettstaden, sendt Fylkesmannen 4. mars 2015.

Løyvet omfattar både minimumskrava i forureiningsforskrifta kapittel 14 og andre krav fastsette av Fylkesmannen som forureiningsstyresmakt etter forureiningslova og forureiningsforskrifta.

Dette løyvet erstattar løyvet gitt 9. januar 2012 til Stord tettstad. Løyvet gjeld frå dags dato.

Fylkesmannen kan i medhald av forureiningslova § 18 oppheve eller endre vilkåra i løyvet.

Kommune	Stord
Adresse	Postboks 304
Postnummer	5402
Poststed	STORD
Organisasjons nummer	874563412 eigd av 939866914
NACE-nummer	36.000- Uttak frå kilde, rensing og distribusjon av vann

Referansar for Fylkesmannen

Løyvenummer	Namn og anleggsnummer	Risikoklasse ¹
	Skjersholmane 1221.0102.01	3
2016.0144.T	Grunnavågen 1221.0103.01	3
	Sæverhagen 1221.0104.01	3
	Djupevikneset 1221.0105.01	3

Løyve gitt: 29.02.2016	Endringsnummer:	Endra:
Kjell Kvingedal miljøvernssjef		Britt Solheim senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

¹ Forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassen for Fylkesmannens arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova

Innhald

1. Rammer og tidsfristar for løyvet	3
1.1 Omfang	3
1.2 Miljømål	4
1.3 Internkontroll	4
1.4 Krav og tilhøyrande tidsfristar	5
2. Utslepp til vatn	5
2.1 Generelle tilhøve	5
2.2 Krav til avløpsnett	6
2.2.1 Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn	6
2.2.2 Krav til kontroll med overvatn tilført avløpsnett	6
2.2.3 Krav til utslepp via overløp (regnvassoverløp)	6
2.2.4 Krav til verknadsgrad av avløpsnett	6
2.3 Krav til utslepp frå reinseanlegga	7
2.3.1 Plan for eventuell utbetring av reinseanlegga	8
2.3.2 Eventuelt strengare reinsekrav	8
2.4 Mellombels auke i pe for eksisterande anlegg	8
2.4.1 Tiltak som skal gjennomførast i perioden 2015-2024	8
2.5 Prøvetaking	9
2.5.1 Krav til analyseparameter og metode	9
2.5.2 Uttak av prøver, analysar og vurdering	9
2.5.3 Oppfyljing av reinsekrav	10
2.5.4 Krav til utsleppspunkt	11
2.5.5 Krav til påslepp frå næringsverksemder	11
2.6 Krav til systematisk vedlikehald og fornying	11
3. Avløpsslam	12
4. Utslepp til luft	12
5. Støy	13
6. Forureina grunn og sediment	13
7. Akutt forureining-førebyggjande tiltak, varsling og beredskap	13
7.1 Førebyggjande tiltak	13
7.2 Varsling av akutt forureining	13
8. Resipientovervaking og rapportering	14
8.1 Forureiningsforskrifta	14
8.2 Rapportering	14
9. Energi	14
9.1 Energistyringssystem	14
9.2 Utnytting av overskotsenergi	15
10. Testing og substitusjon av kjemikal og råstoff	15
11. Avfall	145
11.1 Generelle krav	15
12. Tilsyn	16
13. Ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg	16
14. Krav til årsrapportering	16
14.1 Årleg rapportering til staten	16
14.2 Årleg rapportering til Fylkesmannen	16
<i>Vedlegg 2 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta</i>	17

1. Rammer og tidsfristar for løyvet

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utslepp av avløpsvatn frå Stord tettstad på inntil 35 000 personekvivalentar, (pe) i Stord kommune, jf. tabell 1. Dette omfattar forventta folketal og tilknytingsgrad i tettstaden i 2030, inkludert næringsverksemd. Grunnlag for utrekning av pe er basert på Norsk Standard NS 9426 eller utrekna etter analyse av BOF₅.

Ved utbygging av kommunens infrastruktur, eller ved vesentleg utviding av verksemd som fører til at det tettbygde området aukar i omfang, skal utbreiinga og storleiken på det tettbygde området oppdaterast.

Løyvet omfattar avløpsanlegg for transport og handtering av avløpsvatn og overvatn. Løyvet omfattar også krav til slamhandtering og overvaking av resipient.

Tabell 1. Avløpsanlegg som løyvet gjeld for

Avløpsreinseanlegg	Eigar	Pe-2015 (BOF ₅)	Reinseløysing	Pe-2050 (BOF ₅)
Skjersholmane RA 2015	K	-	SLA	7 650
Grunnavågen RA2017	K	-	SLA	7 800
Sæverhagen RA2019	K	-	SLA	5 170
Djupevikneset RA 2019, Leirvik	K	-	KJEMISK/SIL	17 600
Sagvåg, Grunnavågen	K	3959	U	
Sætrevik	K	162	U	
Hornelandsvågen	K	362	SLA	
Grindavikjo	K	41	SLA	
Kårevik	K	2950	SIL/RIST	
Bjelland, Urastrando 1	K	201	U	
Bjelland, Urastrando 2	K	1027	U	
Bjelland, Urastrando 3	K	67	U	
Naustvågen	K	421	U	
Leirvik sør, Sponavikjo	K	287	U	
Leirvik sør, Sponavik camping	K	50	U	
Leirvik nord, Frugarden	K	2624	SIL/RIST	
Leirvik nord, Hystadvikjo II-B	K	145	U	
Djupavik, Leirvik sør	K	4 437	SIL/RIST	
Leirvik sør, Sponavikjo A	K	287	U	
Leirvik nord, bedehuset E	K	50	U	
Leirvik Nord F	K	213	U	
Sæverhagen	K	1 567	U	
Økland, Klosterneiset	K	1 679	U	
Kyvik	K	171	SLA	
Jensaneset	K	45	U	
Hornelandsvågen, privat	P	69	U	
Dyvikvågen, privat	P	93	U	
Aker Stord Kjøtteinståa	P	1102	SEK	
Eldøyane næringspark	P	676	SLA	
Sum		22 685		38 220

P= privat avløpsanlegg, K= kommunalt avløpsanlegg, SLA= slamavskiljar, U= ureinsa, SEK=sekundærreinseanlegg

Anlegga skal drivast, haldast ved like og fornyast i eit langsiktig perspektiv, slik at funksjon og yting heile tida er slik det er venta, og er stabile trass i variasjonar i tilrenning og klimatilhøve.

1.2 Miljømål

Formålet med løyvet er å verne miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avløpsvatn, for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i dei vassførekomstane det gjeld. Dette inneber krav om tilfredsstillande oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn, medrekna tiltak for å hindre forureining frå overløpsutslepp og lekkasjar frå leidningsnettet. I tillegg er det sett krav til kontroll av tilførsler av overvatn ved at kommunen skal ha oversikt over inn- og utlekking.

1.3 Internkontroll

Kommunen pliktar å ha internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at kommunen held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Internkontrollen skal blant anna omfatte kartlegging, analysar og vurdering av risikotilhøve som gjelder for ytre miljø. Kommunen må også fastsetje mål for relevante driftsparameter som har relevans for drift av anlegga og for utsleppa. Måla skal evaluerast jamt.

Kommunen skal alltid ha oversikt over alle aktivitetar knytt til drifta av avløpsanlegga og avløpsnettet, som kan føre til forureining, og kunne gjere greie for risikotilhøva.

² Systematisk helse,- miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

1.4 Krav og tilhøyrande tidsfristar

Tabell 2. Krav med tidsfristar

Tiltak	Frist	Ref.
Utarbeide ROS-analyse for alle avløpsanlegga, inkludert oppfølgjande tiltak	31.12.2024	2.1
Innføre systematisk registrering av utlekking frå leidningsnettet	31.12.2016	2.2.2
Utarbeide tiltaksplan mot tilførsler av overvatn til avløpssystem	31.12.2017	2.2.2
Vurdere behov for reinsing av overvatn	31.12.2017	2.2.2
Dokumentere forureining frå overløp	31.12.2018	2.2.3
Gjennomføre planlagte tiltak for å redusere utslipp frå overløp	31.12.2024	2.2.3
Dokumentere verknadsgrad for avløpsnettet ved modellering mm.	31.12.2017	2.2.4
Gjennomføre planlagte tiltak for å redusere lekkasjar	Kontinuerleg	2.2.4
Sanere overløp som er i strid med løyvet	31.12.2020	2.2.4
Alle avløpsanlegg ≥ 50 pe skal ha primærreinsing eller høgare reinsing	31.12.2024	2.3
Sende inn plan for eventuell utbetring av reinseanlegga	31.07.2016	2.3.1
Innføre primærreinsing ved		
• Skjersholmane reinseanlegg	31.12.2016	2.4.1
• Overføring av avløpsvatn til Skjersholmane reinseanlegg	31.12.2017	
• Grunnavågen reinseanlegg	31.12.2018	2.4.1
• Overføring av avløpsvatn til Grunnavågen reinseanlegg	31.12.2019	
• Sæverhagen reinseanlegg	31.12.2020	2.4.1
• Overføring av avløpsvatn til Sæverhagen reinseanlegg	31.12.2021	
• Djupevikneset reinseanlegg	31.12.2020	2.4.1
• Overføring av avløpsvatn til Djupevikneset reinseanlegg	31.12.2024	
Overvake resipientane og rapportere data i Vannmiljø	31.12.2016	8.1 og 8.2
Etablere system for vurdering av energiforbruk for alle anlegga	Ved oppstart	9.1
Rapportere via Altinn	15.2-årleg	14.1
Sende årsrapport for avløpsanlegga til Fylkesmannen	15.3-årleg	14.2

2. Utslepp til vatn

2.1 Generelle tilhøve

Gjennomført og planlagt utbygging av avløpsanlegga for transport og behandling av kommunalt avløp skal vere dokumentert i kommunal avløpsplan (hovudplan avløp og vassmiljø, saneringsplan eller tilsvarande).

Kommunen skal ha kjennskap til om avløpsnett og reinseanlegg påverkar eller kan påverke sårbare naturtypar eller område som blir brukte av sårbare artar. Kommunen må vise særleg aktsemd når nye leidningar vert planlagt og ved graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke naturmangfaldet.

Kommunen pliktar å ha oversikt over tilhøve knytte til avløpsanlegga som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikotilhøve. Etter kvart som anlegga vert sett i drift, og innan 31. desember 2024, skal det utarbeidast ei samla risiko- og sårbarheitsvurdering for alle avløpsanlegga som er knytte til dette løyvet.

Risiko som overskrid akseptkriteria skal følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan. Vurderinga skal leggje særleg vekt på sårbare anleggskomponentar, område med moglege brukarkonfliktar og klimaeffektar som auka nedbørsintensitet og havnivåstiging. Vurderingane skal oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

2.2. Krav til avløpsnett

2.2.1 Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn

Tilknyttinga til kommunalt avløpsnett, innafør det tettbygde område som dette løyve gjeld for, bør vere 100 prosent. Utslepp av avløpsvatn som mellombels ikkje er tilknytt kommunalt avløpsnett skal gjennomgå tilsvarande eller betre reinsing enn primærreinsing.

Kommunen skal heile tida ha oversikt over utbyggingar og tilkoplingar som fører til endring av samla utbreiing av og storleiken i (pe) i dette tettbygde området. Dersom storleiken på det tettbygde området overskrider den storleiken i pe som løyvet omfattar, skal Fylkesmannen varslast, slik at løyvet kan oppdaterast.

2.2.2 Krav til kontroll med overvatn tilført avløpsnett

Overvatn bør separerast frå sanitært avløpsvatn for å redusere utslepp frå avløpsanlegga. Tiltaksplanar må gjere greie for status og ambisjonar som skal sikre at overvassmengdene blir så små som praktisk mogeleg. Det skal innan 31. desember 2016 innførast systematisk registrering av tilstand på leidningsnett.

- Det skal dokumenterast at valet av intensitets- og varigheitskurver for dimensjonerande tilrenning til avløpsnett er tilstrekkeleg oppdaterte og tek omsyn til forventta klimaeffekt.
- Kommunen skal innan 31. desember 2017 utarbeide ein plan over korleis overvatn påverkar leidningsnett i ulike nedbørssituasjonar, og kva for tiltak som skal setjast i verk for å redusere tilførsler av overvatn til avløpsnett.

2.2.3 Krav til utslepp via overløp (regnvassoverløp)

- Kommunen skal ha oversikt over alle overløp og store lekkasjar på avløpsnett. Driftstida på overløpa skal registrerast eller utreknast for eit dimensjonerande år. Kommunen må dokumentere forureining frå overløp innan 31. desember 2018.
- Den totale utsleppsmengda som går via overløp gjennom året skal vere mindre enn 2 prosent innan 31. desember 2024. Ved fare for overskridingar skal utjamningstiltak setjast i verk. Slike tiltak kan setjast inn framfor leidningsnett, i nettet, eller eventuelt i tilknytting til overløp.
- Utslepp via overløp skal ikkje føre til forsøpling. Nødvendige tiltak skal gjennomførast for å sikre dette.

2.2.4 Krav til verknadsgrad av avløpsnett

- Verknadsgraden til avløpsnett, det vil seie forholdet mellom mengde forureining som vert tilført anlegget og mengda som kjem fram til anlegget, skal dokumenterast. Dette skal gjerast ved at dei ulike kjeldane til tap blir utrekna eller vurderte kvalitativt. Dokumentasjon skal vere ferdig innan 31. desember 2017.
- Overvaking skal etablerast for systematisk å hindre, oppdage og fjerne utslepp som skjer på grunn av feilkoplingar, lekkasje frå spillvassleidning til overvassleidning, eller utslepp som kan skyldast tilstoppingar i pumpestasjonar eller avlasting via opne renner i kum.
- Kommunen skal ha eit system for overvaking og beredskap som sikrar at stans i pumpestasjonar som medfører utslepp via nødoverløp, vert oppdaga raskt og vert utbetra innan 24 timer. For pumpestasjonar eller driftsoverløp som vil avlaste til sårbare resipientar, skal installering av oppsamlingstiltak, som hindrar overløp i en definert periode, vurderast.

- Planlagt stans i pumpestasjoner for vedlikehald eller utbetringar skal ikkje gje overløpsdrift. Om dette ikkje er til å unngå, skal Fylkesmannen varslast på førehand dersom det er grunn til å tru at overløpet vil vare i meir enn 8 timar.

2.3. Krav til utslepp frå reinseanlegga

Reinseanlegga skal dimensjonerast, byggjast, drivast og haldast ved like av fagkunnige, slik at dei har tilstrekkelige yteevner. Ved utforminga av anlegga skal det takast omsyn til variasjonar i tilført mengde avløpsvatn i løpet av året. Reinseanlegga skal utformast slik at representative prøver av det tilførte avløpsvatnet og av det reinsa avløpsvatnet kan takast, jf. punkt 2.5 Prøvetaking i løyvet. Mengde avløpsvatn skal målast med ei maksimal uvisse på 10 prosent for totalt utslepp, inkludert overløp.

Det er ikkje lov å sleppe ut avløpsslam eller ristgods i ein vassførekomst, verken ved dumping frå skip, utslepp frå røyrleidningar eller på annan måte.

Krav til reinsing er sette opp i tabell 3 under. Avlasking frå overløp tilknytte reinseanlegga er inkludert i reinsekrava. Prøver av suspendert stoff, SS og biokjemisk oksygenforbruk, BOF_5 må minst oppfylle anten krav til konsentrasjon eller reinseeffekt.

Fylkesmannen gjer unntak frå sekundærreinskravet, jf. forureiningsforskrifta § 14-8. Avløpsvatnet frå Stord tettstad skal først til fire resipientar. Avløpsvatnet skal gjennomgå primærreinsing før utslepp til Husnesfjorden, Klosterfjorden, Bømlafjorden og Stokksundet, jf. forureiningsforskrifta § 14-2 og tabell 2 i løyvet. Reinsekrava for tettstaden skal vere oppfylte seinast 31. desember 2024.

Krav til reinsing av avløpsvatnet for tettstaden datert 1. februar 1995, punkt 1.4 i vedlegg 2, gjelder fram til kommunen har innført primærreinsing i tettstaden. Reinsekravet skal som minimum vere bruk av slamavskiljar eller sil med spalteopning på 1 mm eller mindre. Alle reinseinretningar kan og godkjennast dersom det kan dokumenterast at reinseeffekten er minst like god som ved bruk av sil med 1mm spalteopning. Reinseanlegget skal halde tilbake ein slammengde tilsvarande 50 g slam pr. pe og døgn med 20 % TS.

Tabell 3. Reinsekrav ved utslepp

Reinsekrav	Reduksjon av organisk stoff	
	BOF_5	SS
Primærreinsing	20 % reduksjon eller maks 40 mg O_2/l	50 % reduksjon eller maks 60 mg/l

Av dette følgjer:

1. Det biokjemiske oksygenforbruket (BOF_5) i avløpsvatnet skal reduserast med minst 20 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstige 40 mg O_2/l ved utslepp og
2. Mengde suspendert stoff, SS i avløpsvatnet skal reduserast med minst 50 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstige 60 mg/l ved utslepp.

Dersom industriverksemdene reinsar avløpsvatnet før påslepp til avløpsreinseanlegg, kan denne reinseeffekten takast med som ein del av reinsekravet.

Kommunen skal så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen dersom utsleppa er overskride med 100 prosent eller meir av det reinsekrava tilseier.

2.3.1 Plan for eventuell utbetring av reinseanlegga

I Noreg har ein ikkje erfaring med å bruke store slamavskiljarar som reinseanlegg for å oppnå sekundærreinsing i store tettstader. For å vere førebudd på at anlegga ikkje reinsar godt nok, må kommunen ha ei dokumentert plan, som kan setjast i verk på rimeleg kort varsel. Planen må innehalde tiltak som kan rette opp i tilhøva og føre til at reinsekrava kan etterlevast.

Stord kommunen skal innan 31. juli 2016, sende Fylkesmannen plan med oversikt over dei tiltaka som er planlagt å gjennomføre, dersom eit eller fleire av anlegga ikkje oppfyller reinsekrava for primærreinsing, jf. tabell 3.

2.3.2 Eventuelt strengare reinsekrav

Dersom overvakinga syner at utsleppa likevel har skadeverknader på miljøet, eller at områdeinndelinga for resipientane i Stord kommune blir endra, må nye strengare reinsekrav oppfyllast innan sju år. Stor auke i andre utslepp eller ny kunnskap om miljøtilstanden er eksempel på tilhøve som kan endre områdeinndelinga.

Kommunen skal ved bygging av dei nye reinseanlegga leggje til rette for at anlegga kan endrast for å overhalde strengare reinsekrav som sekundærreinsing.

2.4 Mellombels auke i pe for eksisterande anlegg

Følgjande reinseanlegg kan auke kapasiteten i ein overgangsperiode fram til nytt avløpsreinseanlegg er i drift;

Tabell 4.

Reinseanlegg	Pe i 2012	Auke til i pe
Grindevik, slamavskiljar	45	182

Før alt avløpsvatn blir overført til dei nye avløpsanlegga, kan Stord kommune gje løyve til at avløpsvatn blir ført til eksisterande avløpsanlegg, som per i dag ikkje tilfredsstillar kravet om primærreinsing. For at dette kan skje må eksisterande avløpsanlegg ha kapasitet til å ta imot avløpsvatnet. Saneringa av eksisterande avløpssystem må vere tidfesta i godkjent framdriftsplan.

2.4.1 Tiltak som skal gjennomførast i perioden 2015 -2024

Reinseanlegga skal byggjast og overføring av alt avløpsvatn frå anlegg større enn 50 pe skal vere overført innan fristane i tabellen under.

Tabell 5. Fristar for byggestart og overføring av avløpsvatn til dei einskilde reinseanlegga

Tiltak	Frist
• Byggestart for Skjersholmane reinseanlegg	31.11.2015
• Avløpsvatn tilført frå anlegg ≥ 50 pe til Skjersholmane reinseanlegg	31.12.2017
• Byggestart for Grunnavaågen reinseanlegg	31.12.2017
• Avløpsvatn tilført frå anlegg ≥ 50 pe til Grunnavaågen reinseanlegg	31.12.2019
• Byggestart for Sæverhagen reinseanlegg	31.12.2019
• Avløpsvatn tilført frå anlegg ≥ 50 pe til Sæverhagen reinseanlegg	31.12.2021
• Byggestart for Djupevikneset reinseanlegg	31.12.2019
• Avløpsvatn tilført frå anlegg ≥ 50 pe til Djupevikneset reinseanlegg	31.12.2024

2.5 Prøvetaking

2.5.1 Krav til analyseparameter og metode

Krav til prøvetaking og analyse, jf. forureiningsforskrifta §§ 14-11, 14-12 og 14-13 og forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 2.

Tabell 6. Prøvetaking og analyse

<i>Renseanlegg</i>	<i>Analyseparameter</i>	<i>Inn- og utløpsvatn Antal prøver/år</i>	<i>Midlingstid/Deteksjongrense/ Metode</i>
Reinseanlegga i Stord tettstad	BOF ₅	12/24*	Døgnblandeprøve basert på årleg middelværdi
	SS	12/24*	
	Tot-P	6	Døgn- eller vekeblandeprøve

*Sjå punkt 2.5.2

Dersom avløpsanlegga er større enn eller lik 20.000 pe, skal også seks inn- og utløpsprøver analyserast for innhald av tungmetall, jf. tabell 7.

Tabell 7. Analyseparameter for anlegg større enn eller lik 20 000 pe

<i>Analyseparameter³</i>	<i>Deteksjongrense</i>
<i>Tungmetaller:</i>	
As, Cr, Cu, Ni, Zn og Pb	≤ 1 µg/l
Cd og Hg	≤ 0,1 µg/l

2.5.2 Uttak av prøver, analysar og vurdering

Kommunen skal ta prøver av tilført og reinsa avløpsvatn. Når prøver blir tekne, skal vassføringa målast med ei uvisse på maksimalt 10 prosent og registrerast. Verksemder som utfører prøvetaking og konservering skal vere akkrediterte for prøvetakinga, eller ha eit tilsvarende kvalitetssikringssystem for prøvetaking, godkjent av kvalifisert nøytral instans.

Prøvene skal vere representative for avløpsvatnet og skal takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem. Prøvene skal takast med jamne mellomrom gjennom året. Tidspunktet for prøvetakinga skal vere i samsvar med ein tidsplan oppsett på førehand i internkontrollen til kommunen. Prøvene skal lagrast og eventuelt konserverast i samsvar med Norsk Standard eller annan godkjent laboratoriepraksis.

³ TA-2378/2008 Veileder for prøvetaking og analyse av miljøgifter i innløps- og utløpsvann fra avløpsrenseanlegg

Det skal takast døgnblandprøver når prøvar skal analyserast for BOF₅ eller SS. Det skal takast døgn- eller vekeblandprøver når prøva skal analyserast for tot-P. Det skal minst takast følgjande prøver:

- a) 6 prøver per år frå avløpsanlegg under 1.000 pe,
- b) 12 prøver per år frå avløpsanlegg mellom 1.000 og 10.000 pe,
- c) 24 prøver per år frå avløpsanlegg større enn eller lik 10.000 pe.

Dersom prøvetakinga av utløpsvatnet er lokalisert slik at prøva ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal det som går i overløp målast eller registrerast og reknast med i reinsegraden.

Dersom avløpsvatnet frå Stord tettstad vert overført til eitt avløpsanlegg med utslepp større enn 20 000 pe, skal avløpsvatnet også analyserast for innhald av tungmetall, jf. vedlegg 2 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta.

2.5.3 Oppfyljing av reinsekrav

Alle reinsekrav skal oppfyllest innanfor dei fastsette midlingstidene.

Reinsekrav skal dokumenterast for kvart prøvedøgn/kvar prøveveke. Årleg reinseffekt og utløpskonsentrasjonar skal reknast ut som eit gjennomsnitt av enkeltverdiar. Midlingstid og kor mange prøver som skal leggjast til grunn for utrekningane går fram av tabell 6.

Tabellen under gjeld for reinsekrav i punkt 2.3 og viser det største talet prøver som kan vere over konsentrasjonskravet eller under kravet for reinseffekt for BOF₅ og SS.

Tabell 8. Tal på prøver som er tekne og kor mange prøver som ikkje må oppfylle krava

Tal på prøver tatt i løpet av eit år	Tal på prøver som ikkje treng oppfylle reinsekrava	Tal på prøver tatt i løpet av eit år	Tal på prøver som ikkje treng oppfylle reinsekrava
4-7	1	172-187	14
8-16	2	188-203	15
17-28	3	204-219	16
29-40	4	220-235	17
41-53	5	236-251	18
54-67	6	252-268	19
68-81	7	269-284	20
82-95	8	285-300	21
96-110	9	301-317	22
111-125	10	318-334	23
126-140	11	335-350	24
141-155	12	351-365	25
156-171	13		

Ved utrekning av utslepp via overløp, kan målte innløpsverdiar til reinseanlegga, eller utrekna konsentrasjonar baserte på fortytning, akseptterast.

Ved vurdering av analyseresultat skal det ikkje takast omsyn til ekstreme analyseverdiar, dersom dette kan skyldast uvanlege tilhøve, som til dømes kraftig nedbør.

Eventuelle annulleringar av prøver på grunn av uvanlege tilhøve skal grunnjevast og dokumenterast. Det skal alltid takast prøver og gjerast analysar, sjølv om omstende og tilhøve som ligg føre, gir grunn til å tru at tilhøva har vore uvanlege. Annullering av prøver kan gjerast på grunnlag av analyseresultat som ligg føre⁴.

Avrenning frå snøsmelting og nedbør innanfor gjeldande kriterium for korleis leidningsnett og reinseanlegg skal dimensjonert, eller driftsproblem ved reinseanlegg der dårlege leidningsnett er hovudårsaka, er ikkje å rekne som uvanlege tilhøve.

2.5.4 Krav til utsleppspunkt

Reinsa avløpsvatn skal førast ut i resipientane på djupt vatn, slik at innblandinga i vassmassane blir best mogeleg, og slik at kyst- /strandlinja ikkje blir påverka. Nøyaktig posisjon for utsleppspunkt og utsleppsdjupne må avgjerast ut frå utrekningar av djupne for innlagring, korleis avløpsvatnet er fortynna og konsentrasjonen til avløpsvatnet.

Avløpsleidingane sine utsleppspunkt frå land, skal reknast som horisontal avstand frå strandkanten ved middelveisstand.

Kommunen må ha løyve til legging av leidningar etter hamne- og farvasslova.

2.5.5 Krav til påslepp frå næringsverksemd

Påslepp av prosessvatn frå næringsverksemd og anna aktivitet til kommunalt nett skal skje på ein slik måte at krava til utslepp frå leidningsnett og reinseanlegg blir haldne, slik at kvaliteten på slammet ikkje tapar seg med tanke på disponering og bruk.

Verksemdar som er kople til kommunalt leidningsnett har særskilde vilkår for utslepp i løyve frå Fylkesmannen, Miljødirektoratet eller dei er regulerte via føresegner i forureiningsforskrifta.

Kommunen kan gi nærmare føresegner om handsaming og krav til påslepp i samhøve med forureiningsforskrifta § 15 A-4. Det vil seie at kommunen kan stille krav for å verne leidningsnett, reinseanlegg, slam eller arbeidsmiljø.

2.6 Krav til systematisk vedlikehald og fornying

Kommunen skal sikre at avløpsreinseanlegga, avløpsnettet og tilhøyrande komponentar (kummar, pumpestasjonar og overløp) blir halde ved like, på ein måte som sikrar god funksjon, til ein kvar tid.

Rutinar for drift og vedlikehald av avløpsanlegga skal vere i samsvar med internkontrollforskrifta. Kommunen skal i kommunal avløpsplan;

- fastsetje mål og tidfeste delmål for å etterkome krava til avløpsanlegga sine funksjoner
- ha oversikt over inn- og utlekking av framandvatn til og frå avløpsnettet
- dokumentere god kontroll over korleis avløpsnettet fungerer

Vedlikehald og utbetringar skal utførast på ein slik måte at reinseeffekten vert overhalde og overløp ikkje skjer. Om dette ikkje er mogeleg, skal Fylkesmannen varslast i så god tid at tiltak kan vurderast.

⁴ SFT: Informasjon TA 2220/2007

3. Avløpsslam

Avløpsslam skal handterast ved godkjent anlegg for slamhandtering. Ristgods frå avløpsanlegga skal leverast til godkjent mottak. Slam frå siler < 0,5 mm kan handterast som avløpsslam og skal ikkje leggjast i deponi.

Kommunen plikter å syte for at alt avløpsslam som skal nyttast til gjødsel eller jordforbetring, blir handtert i tråd med gjødselvarforkrifta⁵. Ved prøvetaking av slammet skal ein nytte velkjende metodar for å oppnå representative prøver.

Innhaldet av miljøgifter i avløpsvatn og slam skal reduserast så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Kommunen skal ha etablert og sett i verk system for informasjon og kjeldesporing som sikrar at tilførselar frå potensielle punktkjelder vert haldne på eit minimum.

Fylkesmannen kan gje pålegg om at kommunen å delta i kartlegging for å dokumentere nivå av miljøgifter i slam.

Eit samandrag av prøvetaking og analysar, inkludert vurdering av resultatane med konklusjonar, skal inngå i årsrapportane for reinseanlegga.

4. Utslepp til luft

Lukt frå reinseanlegg, slambehandlingsanlegg, pumpestasjonar, overløp, kummar og eventuelle lufteinnetningar skal være så svak at det ikkje er til vesentleg sjenanse for naboar og brukarar av nærområdet.

Lukt skal vere ein driftsparameter for heile avløpssystemet, og kommunen skal ha oversikt over kjelder og vurdere behovet for tiltak og eventuelt effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak. Vurdering av lukt må også inngå i miljørisikovurderinga og skal gjennomførast i tråd med TA 3019/2013⁶, jf. punkt 1.2 i løyvet.

Før nye anlegg og komponentar (pumpestasjonar, kummar, uteareal og leidningar) blir bygd, må kommunen vurdere mogelege kjelder til lukt og om nærleik til busetnad, ferdsel eller terrengforhold kan skape luktkonfliktar.

Kommunen skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager på lukt. Kommunen må gjere ei vurdering av årsaka til luktutslepp, og gjere greie for eventuelle tiltak som vert sett i verk.

Anlegg for utrotning av slam skal drivast slik at utslepp av metan blir avgrensa best mogeleg. Produisert gass skal samlast opp og nyttiggjerast dersom det er mogeleg, jf. kapittel 9 i dette løyvet.

⁵ Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4.7.2003, nr. 951.

⁶ Regulering av luktutslipp i tillatelse etter forurensningsloven, TA 3019/2013

5. Støy

Utandørs støy frå reinseanlegga ved bustader, fritidsbustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar i nærleiken, skal ikkje overskride følgjande grenser, målte eller utrekna som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden:

Dag	Sun- og heilagdag	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 L _{den}	45 L _{den}	50 L _{evening}	45 L _{night}	60 L _{AFmax}

L_{den} er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L_{evening} er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.

L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

L_{AFmax} er A-vega maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Kommunen skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå kommunen si ordinære verksemd, inkludert intern transport på anleggsområdet og lossing/lasting av råvare, slam og liknande. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for ny busetnad av type nemnt ovanfor som blir etablert på stader der støybidraget frå verksemda bryt eller er forventa å kunne bryte fastsette grenser i løyvet.

6. Forureina grunn og sediment

Når det skal leggjast nye avløpsleidningar, skal kommunen ha kjennskap til om leidningsnett vil liggje i område med forureina grunn eller forureina sediment i elv og sjø. Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, skal ha løyve etter forureiningslova, eller i somme tilfelle godkjenning frå kommunen⁷.

7. Akutt forureining - førebyggjande tiltak, varsling og beredskap

7.1 Førebyggjande tiltak

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

På basis av risikoanalyse skal kommunen setje i verk risikoreduserande tiltak. Både konsekvensreduserande og sannsynsreduserande tiltak skal vurderast. Kommunen skal ha ei oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka, som også kan inkludere justering av beredskapen i kommunen.

7.2 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁸. Internkontrollen skal også gjere greie for kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og annan uønskt påverknad av det ytre miljøet. Kommunen skal så snart

⁷ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid og kap. 22

"Mudring og dumping i sjø og vassdrag"

⁸ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992

som mogleg informere Fylkesmannen gjennom fmhopostmottak@fylkesmannen.no om:

- akutt forureining på grunn av driftsstans som kjem av uhell eller langvarig straumbrot
- unormale tilhøve som fører til eller kan føre til forureining
- utsleppskonsentrasjon som visar meir enn det dobbelte av gjeldande krav for ei akkreditert prøve

8. Resipientovervaking og rapportering

8.1 Forureiningsforskrifta

Kommunen skal gjennomføre overvaking i tråd med eit overvakingsprogram etter nærare rettleiing frå Fylkesmannen.

Det er krav til resipientovervaking av dei vassførekomstane som vert tilført avløpsvatn, og som er omfatta av løyvet.

Kommunen skal gjennom regelmessig overvaking, kvart fjerde år, bidra til at resipienten kan registrerast som mindre følsamt område, når utsleppet høyrer til eit tettbygd strok med samla utslepp større enn eller lik 10 000 pe til sjø i mindre følsamt område, når det er gitt unntak frå sekundærreinsekravet.

Overvakinga skal om mogeleg gjennomførast i samsvar med Norsk Standard eller God Laboratoriepraksis. Verksemder som utfører overvakinga skal være akkreditert for felt- og analysearbeid, eller ha eit tilsvarande kvalitetssikringssystem for felt- og analysearbeid godkjent av ein kvalifisert nøytral instans. Dersom tilsvarande overvaking også blir utført av andre, pliktar kommunen å bidra til å gjennomføre ei samordna eller felles overvaking.

Overvakinga skal setjast i gong før avløpsanlegga er i drift, slik at overvakingsrapporter kan sendast Fylkesmannen frå 2016 og deretter kvart fjerde år etter at anlegga er starta opp.

Overvakinga skal gjennomførast slik det er gjort greie for i gjeldande utgåve av *Resipientundersøkelser i fjorder og kystfarvann, TA-1890*. www.miljodirektoratet.no

Siste resipientovervaking blei gjennomført av Rådgivende Biologer AS i 2007.

8.2 Rapportering

Analysedata frå undersøkingar i vasslokaliteten, inklusive sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på importformatet til Vannmiljø, som finst på <http://vanmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Vurderingar av resultata og konklusjonar frå undersøkinga skal sendast Fylkesmannen kvart 4. år og inngå i årsrapportane i samsvar med punkt 14 i løyvet.

9. Energi

9.1 Energistyringssystem

Kommunen skal ha oversikt over energiforbruk og klimagassutslepp for avløpsreinseanlegga. Tiltak skal vurderast som ein del av kommunen sin strategi for å redusere klimautslepp.

Kommunen skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ei mest mogeleg energieffektiv drift av alle avløpsanlegga. Energistyringssystemet skal vere etablert når dei einskilde anlegga er bygd og inngå i internkontrollen. Gjeldane fristar:

Anlegg	Driftstart
Skjersholmane reinseanlegg	31.12.2016
Grunnavågen reinseanlegg	31.12.2018
Sæverhagen reinseanlegg	31.12.2020
Djupevikneset reinseanlegg	31.12.2021

9.2 Energioverskotet skal nyttast

Kommunen skal i størst mogeleg grad utnytte energioverskot internt, og leggje til rette for at slik energi skal kunne utnyttast eksternt, med mindre det kan godtgjerast at dette ikkje er teknisk mogeleg, er avgrensa av gitte konsesjonar eller fører til urimelege kostnader.

10. Testing og substitusjon av kjemikaliar og råstoff

Med kjemikaliar meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, medrekna fellingskjemikaliar, stoff som vert brukt for å hjelpe til med koaguleringsprosessar, vaskemidlar, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel med meir.

Kjemikaliar som blir brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal vere testa med omsyn til kor lett dei kan brytast ned, toksisiteten og om dei kan bioakkumulerast.

Kommunen plikter å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar.

Kommunen skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikaliane som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, plikter kommunen å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁹

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.¹⁰

11. Avfall

11.1 Generelle krav

Kommunen pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal kommunen prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Kommunen pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta.¹¹

⁹ Produktkontrolllova

¹⁰ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH)

¹¹ Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta)

Avfall som oppstår i verksemda, skal kommunen prøve å bruke om att i produksjonen sin, eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – prøve å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet. Brenning av avfall er ikkje tillate.

12. Tilsyn

Kommunen plikter å la representantar for Fylkesmannen, eller dei som har fullmakt frå han, føre tilsyn med anlegga.

13. Ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg

Om kommunen planlegg at reinseanlegga skal avviklast eller stansast for ein periode på grunn av ombygging eller reparasjonar, skal kommunen gjere det som til kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan føre til fare for forureining kan ikkje setjast i gang før Fylkesmannen har gitt mellombels unntak. Søknader om unntak frå gjeldande reinsekraft må derfor sendast Fylkesmannen i god tid.

14. Krav til årsrapportering

14.1 Årleg rapportering til staten

Kommunen skal rapportere avløpsdata via Altinn innan 15. februar kvart år. Rapporteringa skal skje etter rettleiar for rapporteringa frå Miljødirektoratet, sjå <http://miljodirektoratet.no>

14.2 Årleg rapportering til Fylkesmannen

Kommunen skal i ein årsrapport kvart år innan 1. mars, dokumentere tilhøve på avløpsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking.

Følgjande skal rapporterast:

- Status for oppfølging av tidsfristar
- Korleis avløpsnettet og planlagde oppgraderingar vil føre til at fastsette krav og delmål blir oppfylte
- Korleis avløpsnettet fungerer, inkl. driftstid, eller mengde avlasta for overløp og utrekning av innlekking og utlekking
- Omfanget av tiltak for å redusere tilførsler av overvatn, medrekna forventa og registrert effekt av tiltaka, inkludert større separeringstiltak
- Korleis reinseanlegga fungerer og årsaker til eventuelle overskridingar av løyvet. Det skal også gjerast greie for trendar for reinsing, driftsstabilitet og framtidig reinsekapasitet
- Resultat, trendar og konklusjonar frå resipientovervaking
- Resultat frå målingar av tungmetall og organiske miljøgifter i innløp og reinsa avløpsvatn
- Status for risikovurderingar og oppfølging

Rapporten skal dokumentere om vilkåra som er sett i løyvet er haldne. Den skal vidare innehalde ei utgreiing for årsaka til eventuelle avvik, og kva tiltak som er sett i verk for å rette opp avvika. Data som blir rapporterte til Altinn eller Vannmiljø, er det ikkje nødvendig å gjenta i årsrapporten, ut over det kommunen sjølv finn føremålstenleg og naturleg for å underbygge konklusjonar.

Vedlegg

Vedlegg 2 til kapittel 11 i forureiningsforskrifta

2.1 Analyseparametere

- Alle inn- og utløpsprøver tatt etter § 14-11 frå avløpsanlegg i kapittel 14 som etterkommer fosforfjerning, skal analyserast for BOF_5 og KOF_{CR} .
- Seks inn- og utløpsprøver per år frå avløpsanlegg i kapittel 14 som etterkommer kun nitrogenfjerning, sekundær- eller primærrensing, skal analyserast for tot-P.
- Seks inn- og utløpsprøver per år frå avløpsanlegg større enn eller lik 10.000 pe i følsomt område skal analyserast for tot-N.
- Seks inn- og utløpsprøver per år frå avløpsanlegg større enn eller lik 20.000 pe skal analyserast for analyseparametere nevnt i tabell 2.1.1.

Tabell 2.1.1. Analyseparametere for avløpsanlegg større enn eller lik 20.000 pe

Analyseparameter	Deteksjonsgrense
<i>Tungmetaller:</i>	
As, Cr, Cu, Ni, Zn og Pb	$\leq 1 \mu\text{g/l}$
Cd og Hg	$\leq 0,1 \mu\text{g/l}$

- Tre inn- og utløpsprøver per år frå avløpsanlegg over 50.000 pe skal analyseres for analyseparametere nevnt i tabell 2.1.2.

Tabell 2.1.2. Analyseparametere for avløpsanlegg større enn eller lik 50.000 pe

Analyseparameter	Deteksjonsgrense
<i>Bromerte flammehemmere (BFH):</i>	
Tetrabromdifenyleter (BDE-47), pentabromdifenyleter (BDE-99 og BDE-100), oktabromdifenyleter (BDE-183*) og deka-bromdifenyleter (BDE-209), tetrabrombisfenol A (TBBPA) og heksabromsyklododekan (HBCD).	$\leq 10 \text{ ng/l}$
<i>Polysykliske aromatiske hydrokarboner (PAH):</i>	
Sum av følgende PAH-forbindelser iht. Norsk Standard (NS-9815): fenantren, antracen, pyren, fluoranten, benzo(a)fluoren, benzo(b)fluoren, krysen/trifenylene, benzo(a)antracen, benzo(b)fluoranten, benzo(k)fluotanten, benzo(e)pyren, benzo(a)pyren, dibenzo(a,h)antracen, indeno(1,2,3-c,d)pyren og benzo(g,h,i)perylene, dibenzo(a,e)pyren, dibenzo(a,h)pyren, dibenzo(a,i)pyren.	$\leq 0,2 \mu\text{g/l}$
<i>Polyklorerte bifenyler (ΣPCB_7):</i>	
Summen av de 7 enkeltforbindelsene av polyklorerte bifenyler nr. 28, 52, 101, 118, 138, 153 og 180.	$\leq 10 \text{ ng/l}$
<i>Diethylheksylftalat (DEHP)</i>	$\leq 0,1 \mu\text{g/l}$
<i>Nonylfenol (NP): 4-nonylfenol</i>	$\leq 0,1 \mu\text{g/l}$

Det skal tas ukeblandprøver, og analysene skal utføres på ufiltrert prøve når prøven skal analyseres for parametere nevnt i d) og e). Norsk Standard skal om mulig brukes.

Avløpsvannet skal analyserast for verdier ned til deteksjonsgrenser oppgitt i d) og e). Den ansvarlige kan bruke deteksjonsgrenser som er høgare enn de oppgitte deteksjonsgrensene, så fremt analyseresultatene er innanfor metodens deteksjonsgrenser.

2.2 Analysemetoder

<i>Parametere</i>	<i>Norsk Standard</i>	<i>Analysemetode</i>	<i>Tilleggskrav</i>
Olje	NS-EN ISO 9377	Vannundersøkelse - bestemmelse av olje og fett - gravimetrisk metode.	
BOF ₅ - Biokjemisk oksygenforbruk	NS-EN-1899-1	Vannundersøkelse - Bestemmelse av biokjemisk oksygenforbruk etter n dager (BOFn) - Del 1: Metode basert på fortynning og poding etter tilsetning av allyltiourea (ISO 5815:1989, modifisert), eller	Homogenisert, ufiltrert og ikke dekantert prøve.
	NS-EN-1899-2	Vannundersøkelse - Bestemmelse av biokjemisk oksygenforbruk etter n dager (BOFn) - Del 2: Metode basert på ufortynnete prøver (ISO 5815:1989, modifisert).	
KOFCR - Kjemisk oksygenforbruk	NS-ISO-6060	Vannundersøkelse - Bestemmelse av kjemisk oksygenbehov (ISO 6060:1989).	Homogenisert, ufiltrert og ikke dekantert prøve.
SS - Suspendert stoff	NS-EN-872	Vannundersøkelse - Bestemmelse av suspendert stoff - Metode med filtrering gjennom glassfiberfiltre.	Filtrering av representativ prøve med glassfiberfilter 1,2 µm eller sentrifugering av en representativ prøve (i minst fem minutter på 2800 til 3200 g).
Tot-P - Total fosfor	NS-EN-ISO-6878	Vannundersøkelse - Bestemmelse av fosfor - Spektrometrisk metode med ammoniummolybdat.	
Tot-N - Total nitrogen	NS-EN-ISO-13395	Vannundersøkelse - Bestemmelse av nitritt-nitrogen og nitrat-nitrogen og summen av begge ved automatisert analyse (CFA og FIA) og spektrometrisk deteksjon (ISO 13395:1996) og	
	NS-ISO-5663	Vannundersøkelse - Bestemmelse av Kjeldahl-nitrogen - Fremgangsmåte etter oppslutning med selen (= EN 25663:1993) (ISO 5663:1984)	



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato
29.02.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/10870 461.2
Dykkar referanse

Stord kommune
Postboks 304
5402 Stord

Løyve etter forureiningslova for utslepp av kommunalt avløpsvatn og utslepp av overvatn frå avløpsanlegg i Stord tettstad

Fylkesmannen har gitt nytt utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn for Stord tettstad på bakgrunn av ny framdriftsplan for bygging av fire reinseanlegg.

Primærreinsing gjeld for alle utslepp større enn 50 personekvivalentar (pe) i tettstaden. Frist for å ferdigstille reinseanlegga og å overføre alt avløpsvatn i tettstaden til desse anlegga er 31. desember 2017, 31. desember 2018, 31. desember 2020 og 31. desember 2024.

Overvaking av resipientane skal skje kvart fjerde år, første gong i 2017.

Kommunen skal leggje til rette for at primærreinseanlegga skal kunne byggjast om til sekundærreinseanlegg.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 22 og 40, og forureiningsforskrifta § 14-4 og erstattar løyvet av 9. januar 2012. Løyve med vilkår er vedlagt.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i framdriftsplan for ferdigstilling av fire nye avløpsanlegg for å etterleve krav til primærreinsing i Stord tettstad. Framdriftsplanen er ein del av Stord kommune sin kommunedelplan for vatn og avløp, godkjent i kommunestyret 12. februar 2015.

Løyvet omfattar både minimumskrava i forureiningsforskrifta kapittel 14 og andre krav fastsette av Fylkesmannen som forureiningsstyresmakt etter forureiningslova og forureiningsforskrifta.

Fylkesmannen har gitt løyve med nye tidsfristar for å halde reinsekrava. Det er også sett meir detaljerte vilkår knytt til overvatn, overløp, tilknytingsgrad og verknadsgrad til leidningsnettet enn tidlegare.

Løyvet er i tråd med ny mal frå Miljødirektoratet for utsleppsløyve for avløpsanlegg. Malen er utarbeidd fordi det er behov for å setje høvelege krav til leidningsnettet. Auka avrenning av

overvatn krev klimatilpasning. Det vil sei auka fokus på funksjonskrava i forureiningsforskrifta § 14-5 som gjeld for avløpsnett.

For reinseanlegg, som er dimensjonerte for mindre enn 50 pe i tettstaden, er det kapittel 12 i forureiningsforskrifta som gjelder.

Kommunen kan gje løyve til at avløpsvatn blir ført til eksisterande avløpsanlegg, som per i dag ikkje oppfyller kravet om primærreinsing av avløpsvatnet. For at dette skal kunne skje, må eksisterande avløpsanlegg ha kapasitet til å ta imot avløpsvatnet, og sanering av eksisterande avløpssystem må vere tidfesta i godkjent framdriftsplan, jf. punkt 2.4.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor liggje føre i god tid før kommunen ønskjer endringa gjennomført. At vi har gitt løyve til forureining, hindrar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar kommunen å overhalde forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider, www.miljodirektoratet.no, www.regelhjelp.no og www.miljokommune.no.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter fastsett i desse lovene, er straffbart. Vi viser til § 73 i forureiningslova om forureiningsgebyr for brot på vilkåra.

Dersom krava til primærreinsing ikkje blir nådde, vil Fylkesmannen krevje at anlegga blir bygde om for kunne overhalde sekundærreinskravet, jf. forureiningsforskrifta § 14-8.

Bakgrunn og saksgang

Stord kommune fekk 9. januar 2012 utsleppsløyve for Stord tettstad for utslepp av avløpsvatn tilsvarande 35 000 pe. Alle utsleppa i tettstaden er i mindre følsame område etter forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 1 punkt 1.2. områdeinndeling. Det blei gitt unntak frå sekundærreinskravet i tettstaden som går frå Rommetveit i nordaust via Leirvik og Heiane til Sagvåg i sørvest.

Etter søknad blei det gitt løyve til at slamavskiljaren i Grindevik, med kapasitet til utslepp av avløpsvatn tilsvarande 45 pe, skal kunne nyttast for utslepp av 184 pe. Dette var avgjort av di Heiane industriområde er under stadig utvikling. Slamavskiljaren skal tømast fire gonger i året og frist for kopling til primærreinsanlegg var 31. desember 2015.

Det generelle kravet til reinsing i mindre følsame område er sekundærreinsing. Stord kommune har gjennomført resipientgranskingar som var underlag for søknaden om løyve i 2012. I løyvet frå 2012 er det sett krav om primærreinsing, fordi kommunen kunne dokumentere at utslepp etter primærreinsing ikkje ville ha skadeverknadar på miljøet. Granskingane vart gjennomført av Rådgivende Biologer AS i 2007 og viste at fjorden rundt Stord hadde gode miljøtilhøve og var lite påverka av utslepp frå kommunalt avløpsvatn. Utslepp på djupt vatn i fjordsystema vil ifølgje rapporten ikkje påverke resipienten.

Dette løyvet omfattar alle standardkrava i kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Frist for å innføre primærreinsing på alle utsleppa i tettstaden var 31. desember 2015. Denne fristen var også gitt for overvaking av resipientane jf. punkt 8.1 i løyvet og for akkreditert prøvetaking.

Det er i alt gjennomført ni delprosjekt i Stord tettstad for å sjå på ulike reinseløysingar og plasseringar av avløpsanlegga. I alt 12 ulike lokalitetar er vurdert. Planen var at avgjerd om plassering av eit, to eller tre reinseanlegg skulle godkjennast av Stord kommunestyre innan mai 2012.

Fylkesmannen hadde ikkje den gong styresmakt til å utsetje tidsfristane i forureiningsforskrifta kapittel 14. Vi vurderte fristen med bygging av nye anlegg og overføring av avløpsvatn til anlegga innan 31. desember 2015 som vanskeleg å nå, men vi la til grunn at anlegga skulle byggjast så raskt som mogeleg.

Miljødirektoratet gav Fylkesmannen i brev av 9. mai 2014 i oppgåve å innhente forpliktande framdriftsplaner for dei kommunane som ikkje ville klare å oppfylle primærreinsekravet innan fristen. Dette har ført til at Fylkesmannen i dag kan gje nytt løyve med nye tidsfristar.

I brev av 19. desember 2014, gjorde Fylkesmannen vedtak om at Stord kommune, innan 15. februar 2015, skulle sende inn forpliktande framdriftsplan for korleis primærreinsekravet for Stord tettstad skulle etterlevast.

For å få til ein demokratisk prosess i arbeidet med bygginga av avløpsanlegga, vart ny kommunedelplan utarbeidd. Kommunedelplan for avløp og vassmiljø (2015-2026) blei godkjent av Stord kommunestyre 12. februar 2015. Fylkesmannen har gitt nytt løyve til Stord tettstad med utgangspunkt i denne plana.

Kommunedelplanen viser til at vassførekomstane skal ha god økologisk tilstand i tråd med vassforskrifta. Måla til Stord kommune er at vassførekomstane ikkje skal tilførast meir forureining enn kva tolegrensa er for den framtidige bruksforma. Avløpsvatnet skal samlast og transporterast i lukka, hygienisk forsvarleg transportsystem fram til godkjend resipient, utan å forårsake ulemper for miljøet eller abonnentar. Innanfor tettstaden skal alle vere tilknytt kommunalt avløpssystem. Utanfor tettstaden skal utslepp reinsast i tråd med krav i lokal forskrift. Avløpsvatnet skal reinsast slik at krava i forureiningsforskrifta og utsleppsløyvet er tilfredsstilte. Miljøgifter samt andre skadelege og uønskte stoff skal fjernast ved kjelda. Dei kommunale avløpstenestene skal organiserast og utviklast, slik at ein sikrar seg tilfredsstillande kompetanse og kapasitet til å oppfylle dei måla som er sette for avløp og vassmiljø i Stord kommune. Dei kommunale avløpstenestene skal vere sjølvfinansierande, og dei skal dekkjast ved avløpsgebyr.

Endring i avløpsplanar for Stord tettstad

Kommunen har endra avløpsplanane sine frå 2012, for å kunne ta i bruke store slamavskiljarar som reinseløysing og å byggje eit hovudreinseanlegg, som på sikt kan ta imot alt avløpsvatnet frå tettstaden. Anlegga skal også kunne byggjast om til reinseanlegg med sekundærreinsing.

Som ein del av arbeidet med kommunedelplanen, blei det gjennomført eit måleprosjekt med store slamavskiljarar i Troms, på Torrgrunnen (2 300 pe) i Sørreisa kommune og på Evenskjer (1 000 pe) i Skånland kommune. Hovudmålet med prøvetakinga var å skaffe naudsynt

dokumentasjon for å avklare om slamavskiljarar med eige slamlager kan nyttast som primærreinseanlegg (eventuelt med mindre tilpassingar).

Stord kommune viser til resultatata frå undersøkinga og konkluderer med at slamavskiljar med eige slamlager er ei aktuell reinseføysing som kan oppfylle kravet om primærreinsing. Resultata er presentert i *Dokumentasjon av slamavskillere med eget slamlager*, Bilag 3 til høyringsutkastet til kommunedelplanen. For suspendert stoff ville begge anlegga i prosjektet ha oppfylt primærreinskravet, men det er meir uklart om reinsekravet for organisk stoff ville ha blitt oppfylt. Likevel har gjennomsnittlege reinseeffektar ved anlegga vore høgare enn kravet til primærreinsing for begge parametrane. Det er vist til at reinsekravet for organisk stoff, er vanskeleg å overhalde uansett val av reinseføysing, av di det er måleusikkerheit på denne analysen på om lag +/- 20 prosent, som vil gje store utslag begge vegar. Det kan bli behov for å gjennomføre ekstra tiltak. I måleprosjektet er forslag til utbetringar og tilpassingar i utforming og dimensjonering av nye slamavskiljarar kome fram, derunder bruk av polymer.

Val av anleggstruktur i Stord tettstad er tatt på bakgrunn av resultatata frå dette prosjektet. Ei løysing med tre mindre reinseanlegg er valde i Grunnvågen (Sagvågområdet), Skjersholmane (Heiane og Kårevik) og Sævarhagen (Rommelveitområdet). I tillegg er eit hovudreinseanlegg planlagt for Leirviksområdet i Djupavikjo. Fordelen med valet av anleggsstruktur, er at ein kan komme raskt i gang med utbygging og drift av dei minste reinseanlegga som vil fange opp ny utbygging og utslepp som i dag går ureinsa ut.

Framtidige avløpsanlegg i Stord tettstad

Godkjent kommunedelplan for avløp og vassmiljø viser at kommunen skal byggje tre slamavskiljarar med eigne slamlager og eit kjemisk reinseanlegg med flotasjon eller silanlegg.

Namn på anlegg	Kartkoordinatar	Byggestart	Overføringar
Skjersholmane RA	6628714, 301098	November 2015	2017
Grunnvågen RA	6631392, 297030	Desember 2017	2018
Sævarhagen RA	6634189, 305188	Desember 2019	2020
Djupavikjo RA	6631868, 304176	Desember 2019	2024

Reinseanlegga med slamavskiljarar vil ha ein tilknytning på mellom 5 500 pe til 8 000 pe. Endeleg val av reinseprinsipp for Djupavikjo RA vil skje i samband med detaljprosjekteringa. Tilknytning til dette anlegget vil vere på 17 600 pe.

Stord kommune har gjennomført eit forprosjekt for å dimensjonere og kostnadsrekne to av avløpsanlegga. Grunnvågen reinseanlegg er dimensjonert for ei framtidig belastning på 7800 pe, med maksimal vassmengd på 570 m³/time. Anlegget på Skjersholmane er dimensjonert for 6 700 pe og maksimal dimensjonerande vassmengd er på 298 m³/time. Dimensjoneringa av anlegga er avgjort på bakgrunn av erfaringane med prosjektet i Troms.

Alle dei tre reinseanlegga med store slamavskiljarar vil vere samansette av to parallelle sedimenteringstankar, slamlagertank, ventilkum for overføring av slam og måle- og prøvetakingsstasjon med overbygg. I tillegg skal det installerast kummer for innløp, omløp og utløp. Alle anlegga vil, bortsett frå overbygga til prøvetakingsstasjonane, bli liggjande under bakkenivå. Ved å velje fire reinseanlegg i staden for eit hovudreinseanlegg, vil ein få færre og kortare overføringsleidningar. Anlegga skal prosjekterast «romsleg» og med utbetringar som er vurdert på bakgrunn av anlegga som var med i forsøksprosjektet, slik at reinsekrava blir

oppfylt. Det vil også bli lagt til rette for tilsetjing av kjemikal på innløpet, for å få til betre grunnlag for sedimentering, dersom det blir behov for det.

I kommunedelplanen er det lagt opp til at dei største ureinsa utsleppa blir reinsa først, før hovudreinseanlegget i Djupavikjo blir bygd. Overføringa av alle utslepp i tettstaden til dei fire anlegga vil i følgje planen vere gjennomført for Grunnvågen i 2018, Sævarhagen i 2020, Skjersholmane i 2017 og Djupavikjo i 2024.

Overløp

Fordi det er kartlagt store mengder overvatn i avløpsnettet og dette fører til større vassmengder og tynnare avløpsvatn fram til reinseanlegga, er det utarbeidd plan for å rehabilitere eldre og dårleg leidningsnett og separering av overvatn frå avløpsvatn. I følgje kommunen, skal overløpsleidningar (frå pumpestasjonar og regnvassoverløp) først ut til minus 10 meter i sjø, der dette er mogeleg. Alle overløp til ferskvatn vil gå via slamavskiljarar før utslepp.

Kommunen skal registrere eller rekne ut driftstid, eventuelt utføre modellberekningar som viser storleiken på overløpsutsleppa, jf. punkt 2.2.3 i vilkårsdelen. Forureining frå overløp må dokumenterast innan 31. desember 2018. Total utsleppsmengd som går via overløp skal vere mindre enn 2 % innan 31. desember 2024.

Slamhandtering

I følgje *Handlingsplan for å oppfylle reinsekrava for avløpsvatn i nytt utsleppsløyve for Stord kommune*, av 15. mai 2013, vil total slammengde frå primærreinsing i 2030 vere på 3 000 tonn per år berekna for 28 000 pe.

Slam vil bli handtert på staden ved hjelp av eit mobilt anlegg for å fjerne vatnet i slammet. Rejektvatnet skal tilbakeførast til anlegget, mens tørrslammet skal leverast til godkjent mottakar av avløpsslam. Forventa frekvens for levering er 2-4 gonger per år. Slammet skal leverast til SIM.

Slam frå kjemisk reinseanlegg vil bli fortjukka og avvatna til om lag 25 prosent tørrstoff på anlegget, og vil kunne bli levert både til kompostering (SIM) og til Bergen kommune sitt biogassanlegg.

Slam frå silanlegg kan leverast både til kompostering og til biogassanlegg. Silanlegg for primærreinsing vil bli utbygd med utstyr for avskilling av ristavfall og for å fjerne vatn i slammet.

Fylkesmannens vurdering

Ved vurdering av om vi skal gje løyve etter forureiningslova § 11, skal det leggjast vekt på forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket dessutan vil føre til jf. § 11 fjerde ledd. Fylkesmannen må også vurdere om dei planlagde utsleppa er i strid med måla i forureiningsforskrifta, vassforskrifta og naturmangfaldlova. Måla i vassforskrifta om god økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomstane, og måla i naturmangfaldloven om å ta vare på det biologiske mangfaldet og økologiske prosessar må oppretthaldast.

Kommunalt avløpsvatn inneheld fleire stoff som kan føre til forureining og kan difor føre til skade på økosystemet. Nitrogen og fosfor kan gje auka vekst av planteplankton og algar.

Organisk materiale kan føre til groe, auka oksygenforbruk og til endra samansetning av fauna. Miljøgifter kan gje akutte og kroniske skader på økosystema og føre til innføring av kosthaldsråd. Tilførsel av smittestoff og bakteriar kan føre til brukarkonfliktar. Problem med forureining er avhengig av storleik og samansetning på utsleppa, plasseringa av utsleppsleidningane og tålegrensa til resipienten.

Innhald av miljøgifter i avløpsvatnet bør ikkje avvike vesentleg frå det som er vanleg i kommunalt avløpsvatn. Kommunen bør ha oversikt over verksemder som er tilknytt avløpsnett, eventuelt etablere system for kjeldesporing. Mindre verksemder på industriområder med enkle slam- eller oljeavskiljarar, kan ha mindre kontroll og oversikt over utsleppa sine, enn det større verksemder har, jf. punkt 2.5.5 i løyvet.

I Stord tettstad går i dag om lag 40 prosent av avløpa ureinsa til resipient. Tettstaden har i alt 9 utslepp med reinsing og 20 ureinsa utslepp. Ingen av desse oppfyller reinsekravet. Det at avløpsvatnet skal reinsast i tråd med utsleppsløyvet, vil føre til overføring av avløpsvatn, som i dag ikkje blir reinsa, til fire nye avløpsreinseanlegg.

Opplysningar frå Naturbase og Artsdatabanken sitt artskart av 5. januar 2016 viser at det er registrert artar på norsk raudliste for artar i området. Dette gjelder dvergålegras, ålegras, sukkertare og lavarten ringstry (nær trua).

Ved reinseanlegget i Djupavikjo, er sukkertare lokalisert, men denne er vanleg i området og tiltaket vil berre ha lokal effekt.

Sæverhagsvikjo har stor naturverdi. Det er registrert både ålegras og dvergålegras her, og området er eit viktig område for vadefuglar. I følgje konsekvensutgreiing med ROS-analyse, utarbeidd av Norconsult i samband med kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2015- 2026, skal avløpsanlegget plasserast i god avstand frå desse naturverdiane. Dersom avløpsleidninga blir plassert på rette staden, vil påverknaden på blautbotnområdet minimerast.

Sjølv om det er registrert få data i databasane, er det heller ikkje kome fram opplysningar i saka som kan tyde på at det kan vere artar eller naturtypar i området som ikkje er fanga opp av denne registreringa. Nye reinseanlegg fører til reinsa utslepp som igjen vil gje positiv verknad på både marine naturtypar og marine organismar.

Anlegga skal ha utslepp i fire forskjellige vassførekomstar; Stokksundet, Bømlafjorden, Klosterfjorden og Husnesfjorden. I rapporten frå Rådgivende Biologer AS 1038 frå 2007, er sjøområda Stokksundet, Husnesfjorden og Leirvik hamn alle registrert som *ferskvannpåvirket beskyttet fjord*. Sjøområda i vassførekomsten Klosterfjorden er karakterisert som *moderat eksponert kyst/skjærgård*.

Rapporten viser at alle vassførekomstane har høg økologisk status unntatt sjøområda utanfor Leirvik der økologisk status er registrert som god, jf. SFT (1997). Straummålingar, utrekningar av innblandings djupne og fortynning av avløpa viser at utsleppa går ut i ein resipient med gode straum- og utskiftingstillhøve. Vatnet var lite påverka av utsleppa, bortsett frå område ved Leirvik som var påverka av E. coli-bakteriar. Kvaliteten på blautdyrsfauna var god med omsyn til glødetap, men nivået av organiske miljøgifter frå skipstrafikk og industriell aktivitet var ekstra høge i Leirvik og moderate i Grunnågen. Utslepp frå Grunnågen og Sævarhagen

gjekk ureinsa til sjø, mens dei andre utsleppa frå Frugarden, Djupevika, Kårevik og Kjømteinen hadde mekanisk reinsing.

Vi har innhenta registrerte data frå Vann-Nett 3. januar 2016 for dei fire vassførekomstane. Risiko for at ein ikkje når miljømålet ikkje kan nåast innan 2021 er sett til *inga risiko* for tre av vassførekomstane. Husnesfjorden derimot er sett i *risiko*. Miljøtilstanden er karakterisert ved økologisk tilstand antatt *svært god* for Stokksundet og Bømlafjorden, *antatt god* for Klosterfjorden og *antatt moderat* for Husnesfjorden. Truverde til informasjonen er sett til middels for Stokksundet og til lav for dei tre andre vassførekomstane.

I Husnesfjorden er sedimenta forureina frå industriutslepp i middels grad og frå akvakulturanlegg i liten grad. Det er ikkje grunn til å tru at reinsa utslepp frå nytt avløpsanlegg vil påverke dei dårlege delane av vassførekomsten ytterlegare, eller vil hindre at tilstanden i vassførekomsten på sikt kan registrerast som god i området.

Ut frå dei vilkåra Fylkesmannen har gitt i løyvet, meiner vi at krava i naturmangfaldloven §§ 4, 7 og 8 ikkje er til hinder for løyvet.

Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å fatte vedtak. Kunnskapen vi har om naturmangfaldet i resipientane til dei nye avløpsanlegga, og den kunnskapen vi har om forventna verknad av dei planlagde utsleppa frå avløpsanlegga, er tilstrekkelege for å kunne vurdere verknaden av tiltaka på naturmangfaldet i områda.

Verknad på økosystemet skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Økosystemet i denne saka er sjøresipientane. Tilførsel av kommunalt avløpsvatn som er reinsa i primærreinsanlegg, vil mest sannsynleg ikkje påverke desse. Eventuell forureining vil kunne skje i utsleppspunktet. Fylkesmannen legg til grunn at tiltaket ikkje vil endre eller øydelegge leveområdet for trua eller nær trua artar, heller ikkje saman med annan påverknad. Krava i § 10 i naturmangfaldlova er dermed oppfylt.

Resipientovervaking

Stord kommune har vedtatt plasseringa av dei nye avløpsreinsanlegga. Resipientvurderingar må gjennomførast, jf. punkt 8.1 i løyvet. Prøvepunktta må veljast ut slik at dei kan vidareførast for overvaking av resipientane. Omfanget av overvakinga skal vere som omtalt i gjeldande utgåve av *Resipientundersøkingar i fjorder og kystfarvann, TA-1890*.

Vi forventar at utslepp frå reinseanlegga ikkje vil få negative konsekvensar for brukarinteressene i resipientane. Resultat frå resipientgranskingane kvart fjerde år vil dokumentere om dette stemmer. Dersom krava til primærreinsing ikkje vert nådd, må anlegga graderast opp til sekundærreinsing.

Det er tiltakshavar som skal dekke kostnadane for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet. Stord kommune skal difor kontrollere utsleppa ved prøvetaking og analysing. Om det viser seg at forureininga frå utsleppa er for høg, skal kommunen gjennomføre utbetringar som å etablere nye reinsetrinn, slik at anlegga oppnår krava til sekundærreinsing.

Akkreditert prøvetaking og endring av fristar

Stord kommune fekk i brev 24. august 2010 unntak frå kravet om akkreditert prøvetaking og konservering for avløpsanlegg større enn 50 pe i Stord tettstad fram til 31. desember 2015. Frist for gjennomføring av akkreditert prøvetaking er endra til dei nye avløpsanlegga er sette i drift. Unntaket gjeld for alle anlegg som skal sanerast eller oppgraderast for å etterkome reinsekrava.

Leidningsnett

Kommunen skal framleis dimensjonere, byggje, drive og vedlikehalde avløpsnettet med utgangspunkt i den beste tilgjengelege teknologi og fagkunnskap, utan at det medfører urimelege kostnader. Dette gjeld særleg avløpsvatnets mengde og eigenskapar, førebygging av lekkasjar og avgrensing av forureining av resipienten som følgje av overløp.

Stord kommune må ha kontroll-, alarm- og overvakingssystem, samt beredskap som sikrar at uførutsette utslepp blir haldne på eit minimum. Feil som gir eller kan føre til overløp skal registrerast og varslast straks.

I følgje kommunedelplanen skal alle dei kommunale utsleppa, alle overføringsanlegg og reinseanlegg i Stord tettstad over 50 pe, vere i drift innan 31. desember 2024.

Utsleppspunkt

Utsleppsleidningane må leggjast til djupne som sikrar tilstrekkeleg fortynning av avløpsvatnet, hindrar synleg påverknad på overflata og ikkje skapar konflikt med brukarinteresser. Avstand frå land, må vere slik at påverknad av bakevjer, nedslamming nær utsleppsstaden eller nærare land, kan unngåast. Koordinatane for plasseringa av anlegga og sjølve utsleppspunkta skal sendast Fylkesmannen når desse er vedtekne.

Lukt og støy

Krava til lukt og støy er standardkrav som også blir gitt til industriverksemder, eller er regulert i forskrifter. Fylkesmannen forventar at avløpsanlegga blir drivne slik at vilkåra blir haldne, slik at naboane til anlegga ikkje blir utsett for meir lukt og støy enn det som er rekna for å vere akseptabelt for denne type verksemder. Ved klage på lukt og støy kan Fylkesmannen pålegge kommunen å utføre luktmålingar og å setje i verk tiltak.

Drift av avløpsanlegga

Avløpsanlegga skal drivast i samsvar med forureiningslova § 2 punkt 3 og ta i bruk best tilgjengeleg teknologi, for å unngå og å avgrense skade på naturmangfaldet.

Tiltakshavar skal bere kostnadene med skade av miljøet. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal det nyttast teknikkar og metodar for drift som gir dei beste samfunnsmessige resultat.

Løyvet set krav til at kommunen har ansvar for at heile avløpssystemet med tilhøyrande leidningsnett, overløp og pumpestasjonar vert drive optimalt, jf. punkt 2.2 i løyvet. Kommunen må sjølv vurdere kva for tiltak som gir dei optimale løysingane.

Tiltaksplan for utbetring av reinseanlegga

Måleprosjektet, som Stord kommune har fått gjennomført av to større slamavskiljarar i Troms, kom i stand av di det ikkje er erfaring med å nytte denne typen anlegg for primærreinsing i Noreg. For å oppfylle reinsekrava, skal kommunen prosjektere anlegga med utbetringar som er

vurdert på bakgrunn av resultatene i forsøksprosjektet. Eit døme på tiltak for å få betre sedimentering, er i følgjer kommunen tilsetjing av kjemikal på innløpet.

Stord kommune må innan 31. juli 2016, sende Fylkesmannen ein framdriftsplan for korleis og kor tid dei planlagde tiltaka vil bli gjennomført, dersom anlegga ikkje reinsar godt nok, jf. punkt 2.3.1 i løyvet.

Risikoklasse

Dei fire reinseanlegga er plassert i risikoklasse 3. Klassifiseringa er eit uttrykk for risikoen og er avhengig av forventede forureining frå anlegget og kvaliteten på resipienten. Risikoklassen er gradert frå 1 til 4, der 1 er høgaste risiko. Risikoklassen opplyser om forventede ressursbruk og gebyrsats ved eit eventuelt tilsyn.

Konklusjon

Krava i løyvet har som mål å verne miljøet mot skadelege verknadar frå utslepp av avløpsvatn. Resipientgranskinga viser at utsleppsmengda slik den i dag blir tilført resipienten, ikkje har skadeverknadar på miljøet. Forureiningsmengda frå avløpsvatnet vil bli redusert når dei nye reinseanlegga kjem i drift frå og med 2016 som følgje av betre reinsing. Fristen for å innføre primærreinsing av kommunalt avløpsvatn for Stord tettstad er endra til 31. desember 2024. Dette er gjort på bakgrunn av framdriftsplan vedteken i Stord kommunestyre 12. februar 2015. Alle dei kommunale utsleppa, alle overføringsanlegg og reinseanlegg i Stord tettstad over 50 pe skal vere ferdige 31. desember 2024.

Krav om gjennomføring av resipientgranskingar før anlegga blir starta opp, gjeld framleis. Når kommunen gjennomfører resipientgranskingar i resipientane, må prøvepunktene veljast ut slik at dei kan vidareførast for overvakinga av resipientane. Granskingane må skje frå 2017, i alle tilhøve for det første anlegget og deretter kvart fjerde år når anlegga er i drift.

Dersom det viser seg at utsleppa frå reinseanlegga har skadeverknader på miljøet, eller at områdeinndelinga for resipienten blir endra, må strengare reinsekrav vere oppfylt innan sju år.

Kommunen skal sende inn tiltaksplan for tiltak som skal gjennomførast så snart som mogeleg, dersom store slamavskiljarar ikkje held reinsekrava.

Fylkesmannen har gjort vedtak som er basert på ein total vurdering av dei miljømessige, tekniske og økonomiske tilhøva. Tilstanden i resipientane er vurdert til «god» og «svært god» og vil vere egna til å ta imot og å omsette utsleppa frå avløpsreinseanlegga. Utsleppa vil ikkje føre til at resipienten vert skadd, slik at miljømåla ikkje blir nådde.

Vedtak

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16, 22 og 40 og forureiningsforskrifta §§ 14-4, har Fylkesmannen i Hordaland gitt nytt utsleppsløyve for Stord tettstad for utslepp av avløpsvatn tilsvarande 35 000 pe.

Vilkåra i løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 16. Løyvet gjelder frå dags dato. Utsleppsløyvet datert 9. januar 2012 vert frå same dato oppheva.

Fristar

Frist for å ferdigstille fire nye reinseanlegg og å overføre alt avløpsvatn i tettstaden til anlegga

- 31. desember 2017 for Skjersholmane
- 31. desember 2018 for Grunnvågen
- 31. desember 2020 for Sævarhagen
- 31. desember 2024 for Djupavikjo

Frist for å sende inn tiltaksplan med tiltak for utbetring av reinseanlegga for å halde reinsekrava

- 31. juli 2016

Gebyr

Fylkesmannens handsaming med nytt utsleppsløyve er omfatta av ein gebyrordning. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har sett gebyrsats 2, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med nytt løyve. Val av gebyrsats er basert på ressursbruken til Fylkesmannen med løyvet. Gebyrsats 2 baserer seg på ein ressursbruk med sakahandsaminga på mellom 3 og 5 veker. Kommunen skal betale eit gebyr på 84 700 kroner for handsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Rett til å klage

De kan klage på løyvet til Miljødirektoratet. Partane som er involvert i saka og andre med spesielle interesser, kan klage innan tre veker etter at dette brevet er mottatt, jf. forvaltningslova § 28.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunnitt. Send klagen til Fylkesmannen i Hordaland.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar, om sakshandsamingsregler og andre reglar av verknad for saka, vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Britt Solheim
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Utsleppsløyve for Stord tettstad

Kopi til:
Stord vatn og avlaup KF Postboks 304 5402 STORD
Norconsult



Stord kommune
Postboks 304
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Britt Solheim, 5557 2334

Vedtak om krav til vassovervaking etter vassforskrifta for kommunalt avløp frå Stord tettstad

Statsforvaltaren visar til vassforskrifta sine krav til overvaking av miljøtilstand og behov for kartlegging av påverknad på vassførekomstar. Statsforvaltaren vedtar med dette krav om resipientovervaking i samsvar med vassforskrifta for alle kommunar og andre med løyve etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

Overvakingssystema skal vere bygd opp slik at dei gjev ei god oversikt over utsleppa sin påverknad på vassmiljøet. I tillegg skal overvakinga framleis ivareta eventuelle krav og målsettingar som følgjer av eksisterande løyve og forureiningsforskrifta § 14-8 og 14-9.

Vedtaket er fatta med heimel i forureiningslova § 51 og er gjeldande frå dags dato. Frist for oversending av program er 1. desember 2021

Vi viser til varsel om krav til overvaking etter vassforskrifta datert 28. mars 2019. Vi har ikkje motteke merknader til varselet.

Vedtak om endra krav til overvaking

Statsforvaltaren i Vestland vedtar med dette krav om resipientovervaking for alle kommunar og andre med løyve etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Heimel for vedtaket er forureiningslova § 51 (pålegg om undersøkelse).

Føremålet med pålegget er å sørge for oppdatert informasjon om korleis utslepp av kommunalt avløpsvatn frå dei større tettstadane påverkar vassmiljøet i fylket. I tillegg skal pålegget sikre at all overvaking vert gjennomført i samsvar med overvakingssystemdikk etter vassforskrifta § 18, jf. vedlegg V punkt 1.3.

Mange av kommunane/tettstadane i Vestland har allereie krav om resipientovervaking i sine løyve. For desse kommunane/tettstadane inneber vedtaket i hovudsak å sørge for at overvakingssystemet som vert gjennomført er i samsvar med metodekrava i vassforskrifta. Overvakinga skal i tillegg framleis ivareta krav og målsettingar som følgjer av eksisterande løyve og forureiningsforskrifta § 14-8 og 14-9.



Dei nye krava vil gjelde frå vedtak vert fatta.

Statsforvaltaren er i prosess med å revidere gjeldande utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn for Stord tettstad. Dei nye krava til resipientovervaking vil vidareførast i dette løyvet.

Fristar

Frist for oversending av overvaksingsprogram til Statsforvaltaren for eventuelle merknader	1. desember 2021
Sende resultat frå overvakinga til Statsforvaltaren	1. mars etter kvart overvaksingsår
Rapportering til Vannmiljø	

Bakgrunn

I samsvar med vassforskrifta er det eit mål at alle vassførekomstar skal ha god økologisk og kjemisk tilstand. For å avgjere om det er behov for å gjennomføre tiltak for å nå miljømåla om god tilstand er det nødvendig med oppdatert kunnskap om miljøtilstanden i vassførekomstane og informasjon om korleis ulike verksemder påverkar vasskvaliteten.

I vassforskrifta § 18 er det stilt krav om at det skal vere etablert regionale program for å sikre ei heilskapleg overvaking av tilstanden i vassregionane. Dette inneber mellom anna at det i utgangspunktet skal gjennomførast overvaking i alle vassførekomstar som er vurdert å stå i fare for å ikkje nå miljømåla innan fristen, jf. vassforskrifta vedlegg V, punkt 1.3.2. Hovudmålet for overvakinga er å kartleggje dagens tilstand og sjå på avstand mellom tilstand og miljømål. Statsforvaltaren har ansvaret for å samordne overvakinga under vassforskrifta jf. vassforskrifta § 18.

Forureiningslova § 7 fastset ei generell plikt til å unngå forureining. Etter forureiningslova § 51 kan forureiningsstyresmaktene påleggje verksemder å gjennomføre undersøkingar for å fastslå om og i kva grad verksemda fører eller kan føre til forureining, eller for å kartlegge årsaka til eller verknader av forureining som har skjedd.

Naturmangfaldlova §§ 8-12 omhandlar miljørettslege prinsipp som skal leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet og prinsippet for økosystemtilnærming, samla belastning, forureinar skal betale og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Med bakgrunn i dette vil Statsforvaltaren no stille krav til alle verksemder som har utslepp til ein vassførekomst om å gjennomføre miljøundersøkingar i resipienten. Dette for å få ei betre oversikt over og følgje med på kva belastning ulike utslepp og verksemder har på vassførekomstane.

Mange av kommunane/tettstadane i Vestland har allereie krav om resipientovervaking i sine løyve, men krava til overvaking samsvarer ikkje fullstendig med overvaksingskrava i vassforskrifta. Statsforvaltaren vil med dette vedtaket også sikre at all resipientovervaking som vert gjennomført følgjer krava i vassforskrifta når det gjeld val av kvalitetselement, frekvens og antal år mellom kvar overvaksingsrunde. Vi visar her til vassforskrifta § 18 og vedlegg V punkt 1.3.



Konsekvensar av vedtaket

Kommunar/tettstadar utan krav om resipientovervaking i gjeldande løyve

Kravet om overvaking etter vassforskrifta medfører at kommunen/tettstaden må utarbeide eit resipientovervakingsprogram for sine utslepp av kommunalt avløpsvatn. Overvakingsprogrammet skal vere bygd opp slik at det gjev ei god oversikt over utsleppet si påverknad på vassmiljøet.

Krav til overvakingsprogram, gjennomføring og rapportering er nærmare omtalt i vedlegg til dette brevet.

Dei fleste verksemder må gjennomføre jamleg overvaking, og intervallet vert vurdert frå sak til sak. Etter at det er gjennomført overvaking ein gong, vil vi vurdere intervall for vidare overvaking etter vassforskrifta. Kravet om overvaking inneber såleis rullerande overvaking, mens for nokon kan det bli aktuelt å ikkje gå vidare med overvakinga. Dette vert avklart når dei første resultata er klare.

For kommunar/tettbygd område med krav om resipientovervaking i gjeldande løyve

Kravet om overvaking etter vassforskrifta kan medføre eit behov for revisjon av kommunen sitt gjeldande overvakingsprogram. Vi ber difor kommunane som allereie gjennomfører resipientovervaking om å ta ein gjennomgang av overvakingsprogramma sine for å sikre at dei er i samsvar med gjeldande retningslinjer i vassforskrifta. Dette inneber ein gjennomgang både når det gjeld val av parameterar, prøvetakingsmetode, frekvens, plassering og tal på prøvestasjonar.

Krav til overvakingsprogram, gjennomføring og rapportering er nærmare omtalt i vedlegg til dette brevet.

Overvakingsprogrammet skal vere bygd opp slik at det gjev ei god oversikt over utsleppet si påverknad på vassmiljøet. I tillegg skal overvakingsprogrammet framleis ivareta andre aktuelle målsettingar og krav som følgjer av forureiningsforskrifta § 14-8 og 14-9 og den aktuelle kommunen sitt gjeldande utsleppsløyve. I mange tilfelle er det ei overlapp mellom krava som følgjer av vassforskrifta og allereie gjeldande krav/målsettingar.

Etter kommunen si gjennomgang og eventuelle revisjon av overvakingsprogrammet ønskjer vi at programmet vert sendt til Statsforvaltaren i god tid før oppstart av neste overvakingsrunde slik at vi kan gjere ei vurdering av om planlagt overvaking er i tråd med krava til overvaking etter vassforskrifta. Også overvakingsprogram som allereie er i tråd med vassforskrifta skal sendast til Statsforvaltaren for gjennomsyn. Frist for oversending av program er satt til 1. desember 2021.

Krav til andre verksemder

Andre verksemder som påverkar eller har påverka vassførekomstane, vil også få krav om overvaking, dersom dei ikkje allereie har eit program som er tilpassa krava i vassforskrifta.

Der det er føremålstenleg vil vi oppfordre til å initiere samarbeid om miljøundersøkinga med andre verksemder som har utslepp til dei same vassførekomstane.

Avløp frå mindre tettstader

I samsvar med vassforskrifta § 18, jf. vedlegg V punkt 1.3 må kommunen, som forureiningsstyresmakt for avløp i små tettstader, vurdere om dei skal setje i gang overvaking av vassførekomstar der det er utslepp av kommunalt avløpsvatn, jf. kapittel 13 i forureiningsforskrifta.

**Rett til å klage**

De kan klage på dette vedtaket til Miljødirektoratet innan tre veker etter at de har fått dette brevet. Ei eventuell klage skal de sende til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Britt Solheim
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Krav til overvåkingsprogrammet



STORD KOMMUNE
Postboks 304
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anette Heggøy, 5557 2305

Godkjenning av endra utsleppspunkt for avløpsvatn frå Kappelen – Stord kommune

Vi viser til brev av 7. mars med informasjon om at Stord kommune ønskjer å flytte utsleppspunktet for avløpsvatn frå Kappelen frå eit utsleppspunkt ved Grunnnavågen til eit utsleppspunkt utanfor Kappelen pumpestasjon. Brevet er supplert med tilleggsinformasjon om tiltaket i brev av 17. april 2024 og i brev av 7. juni 2024.

Vedtak

Statsforvaltaren gir Stord kommune løyve til mellombels utslepp av avløpsvatn frå Kappelen pumpestasjon i Stord tettbygde område. Utsleppet er omfatta av dei generelle vilkåra i kommunen sitt gjeldande utsleppsløyve for Stord tettbygde område.

Løyvet gjeld frå 14.06.2024.

Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16, forureiningsforskrifta § 14-4 og vassforskrifta.

Varsel om gebyr

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med utsleppsløyve jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. På bakgrunn av tid medgått til handsaming av saka, vil gebyr bli fastsett til 38 900 kroner som svarar til gebyrsats 6. Vedtak om gebyr vil bli gjort i eit eige brev.

Bakgrunn for saka

Avløpsvatn frå Kappelen vert i dag leia til Grunnnavågen (Sagvåg-Grunnevågen avløpsanlegg) der avløpsvatnet blir ført ureinsa ut i resipient til eit utsleppspunkt på om lag 35 meters djupne. I samband med bygging av nytt hovudreinseanlegg for Stord tettbygde område og omlegging av kommunens avløpsnett for dette, ønskjer kommunen å mellombels føre avløpsvatnet frå Kappelen direkte til sjø frå Kappelen pumpestasjon. Utsleppet omfattar utslepp av om lag 900 personekvivalentar og er planlagt på 20 meters djupne, 80 meter frå land.



Statsforvaltaren si vurdering

Sagvåg-Grunnevågen har i dag ifølge kommunens eigenkontrollrapportering eit utslepp på om lag 3890 pe. Avløpsvatn frå Kappelen utgjør dermed om lag 23 % av dei totale avløpsutsleppa i Grunnavågen. Den omsøkte endringa inneber ingen endring i reinsegrad for utsleppa sidan utsleppa også i dag går ureinsa til resipient. Endringa er difor berre ei endring i utsleppsstad. Vår vurdering er difor avgrensa til om det kan vere akseptabelt å etablere eit utsleppspunkt for dette avløpsvatnet i sjøen utanfor Kappelen pumpestasjon.

Verknader på vassmiljø

Søk i Naturbase viser at det aktuelle utsleppspunktet vil ligge innanfor ein førekomst av naturtypen større førekomst av kamskjel¹. Utsleppspunktet i Grunnavågen ligg også innanfor den same naturtypen. Endra utsleppspunkt frå Grunnavågen til Kappelen vil difor truleg ikkje medføre auka negativ verknad for naturtypen. Søk i naturbase viser elles ingen registrerte naturtypar eller raudlista artar som kan vere sårbare for det omsøkte utsleppet.

Resipientgranskingar i Grunnavågen i 2022 viste svært god økologisk tilstand utanfor dagens utsleppspunkt i Grunnavågen. Det vart ikkje funne teikn til at avløpsutsleppa i dag medfører redusert miljøtilstand i resipienten.

Verknader for næringsinteresser

På Grunnavågneset ligg Erko Settefisk AS sitt anlegg for landbasert produksjon av settefisk. Ifølge kommunen har Erko Settefisk eit inntakspunkt for sjøvatn i Grunnavågen 400 meter sør for det planlagde utsleppspunktet frå Kappelen pumpestasjon. Sjøvassinntaket er plassert på om lag 60 meters djupne. Det er ikkje registrert andre akvakulturlokalitetar eller fiskeriinteresser i nærområdet.

Erko Settefisk AS er førelagd kommunen sine planar for det nye utsleppspunktet. Dei har rådd til at Rådgivende Biologer AS vert nytta til å vurdere om ein får kontaminering mot deira sjøvassinntak.

Ifølge spreiiingsutrekningane som Rådgivende Biologer har utført for det planlagde utsleppet, vil innlagringsdjupet for utsleppet truleg ikkje overlapp med sjøvassinntaket til Erko. Fortynninga av utsleppet 400 meter unna utsleppspunktet er vidare estimert til ca. 350 til 700 gonger for høvesvis sommar – og vintersituasjon. Ifølge rapporten for spreiiingsutrekningane, vil fortynninga truleg også vere større enn dette på grunn av at straumretninga frå utsleppspunktet er mest aust-vest og i liten grad går direkte mot sjøvassinntaket.

Dagens utsleppspunkt for avløpsvatn i Grunnavågen ligg klart nærmare inntakspunktet til Erko enn det planlagde nye utsleppspunktet. Ifølge rapporten frå spreiiingsutrekningane kan verknadane av dette utsleppet, samt Erko sitt eige avløpsutslepp, vere større enn dei venta verknadane frå det nye planlagde utsleppspunktet.

Verknader for brukarinteresser/nærmiljø

Utsleppa er planlagt på 20 meters djupne om lag 80 meter frå land. Ved gjennomslag til overflata og straumretning mot land, kan utsleppa ha ein risiko for å påverke eventuelle brukarinteresser som til dømes bading og annan rekreasjon i/ved sjøen. Det er difor også gjort ei spreiiingsutrekning for utsleppa for å vurdere sannsynet for at utsleppa vil påverke slike interesser.

¹ Lokaliteten er registrert med ID BM00111880 i Naturbase.



Resultata av vurderingane viser at utsleppa truleg vil bli innlagra på mellom 7 og 17 meters djupne på sommarhalvåret, og i dei øvste 10 metrane vinterstid. Modelleringa av sommarsituasjonen er den som er mest relevant med omsyn til rekreasjon og bading. Ei innlagring av utsleppsskya mellom 7 og 17 meter gjer at verknadane med omsyn til bading i strandsona er vurdert som små og akseptable. Vinterstid kan det skje gjennomslag av utsleppa til overflata, men mesteparten av utsleppa vil ifølge spreivingsvurderingane innlagrast på 5 meters djupne. Næraste svaberg ved busetnad er vel 100 meter unna og her er det venta ei fortynningsgrad på 3-400 gonger. Næraste badeplass er 700 meter unna. Dette sett i samanheng med at det truleg vil vere svært avgrensa badeaktivitet og rekreasjon i/ved sjøen på vinterstid, gjer at verknadane langs land, også vinterstid er vurdert som akseptable.

Konklusjon

På bakgrunn av opplysningane og vurderingane over vurderer Statsforvaltaren endringa av utsleppspunkt for avløpsvatn frå Kappelen som akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningsliner i §§ 1 og 2. Vi gir difor løyve til å endre utsleppspunktet slik det er søkt om.

Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelse etter forureiningsloven*. Sidan vedtaket ikkje endrar dei overordna rammene for utslepp av avløpsvatn i det tettbygde området, er det ikkje gjennomført førehandsvarsling i denne saka.

Klagerett

Stord kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, kome fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Anette Heggøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



STORD KOMMUNE
Postboks 304
5402 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anette Heggøy, 5557 2305

Vedtak om løyve til mellombelse avløpsløyser i Stord tettbygde område

Stord kommune har fått løyve til mellombels avløpsløyser i Stord tettbygde område. Avløpsløyserne skal reinse avløpsvatn i eit omfang som svarar til forventa tilførsler frå nybygg i det tettbygde området fram til nytt hovudreinseanlegg for området er etablert.

Utsleppsløyserne vil bli omfatta av rammer, reinsekrav og andre vilkår i gjeldande utsleppsløyve for Stord tettbygde område, datert 29. februar 2016. Avløpsløyserne er i tillegg omfatta av eigne vilkår gitt i vedlegg til dette brevet.

Vi viser til brev av 4. april med søknad om mellombelse løyser for handtering av avløpsvatn frå nybygg i Stord kommune.

Vedtak

Statsforvaltaren gir Stord kommune løyve til mellombelse avløpsløyser for nybygg i Stord tettbygde område. Vilkår for løyvet er gitt i vedlegg til dette brevet. I tillegg er avløpsanlegga omfatta av dei generelle vilkåra i kommunen sitt gjeldande utsleppsløyve for Stord tettbygde område.

Løyvet gjeld frå 03.05.2024.

Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16, forureiningsforskrifta § 14-4 og vassforskrifta.

Varsel om gebyr

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med utsleppsløyve jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. På bakgrunn av tid medgått til handsaming av saka, vil gebyr bli fastsett til 38 900 kroner som svarar til gebyrsats 6. Vedtak om gebyr vil bli gjort i eit eige brev.

Bakgrunn for saka

Stord kommune fekk utsleppsløyve 29. februar 2016 for primærreinsing for utslepp av avløpsvatn frå anlegg større enn 50 personekvivalentar (pe) i Stord tettbygde område. Fristane i forureiningsforskrifta til å oppnå primærreinsing gjekk ut 31. desember 2015.



I dag er det berre eitt av totalt fire planlagde reinseanlegg i Stord tettbygde område, Skjærsholmane avløpsreinseanlegg, som er bygd og som oppfyller reinsekravet i forureiningsforskrifta kapittel 14. Avløpsreinseanlegga Grunnavaågen, Djupavikneset og Sævarhagen 2 er framleis ikkje bygde.

Så lenge avløpsanlegga ikkje oppnår reinsekrava i forureiningsforskrifta, vil ny tilknytning til anlegga vere eit brot på forureiningsregelverket. Ved bygging av nye bustader som skal knytast til kommunal avløpsleidning til avløpsreinseanlegga Grunnavaågen, Sævarhagen og Djupavika stiller Stord kommune difor krav om eigne avløpsløyser som oppnår primærreinsing før påslepp til dei kommunale leidningane.

For å redusere konsekvensane desse krava vil få for utbyggjarar, ønskjer Stord kommune å etablere felles mellombelse avløpsløyser for handtering av avløpsvatn i pressområda i kommunen. I staden for at kvar enkelt byggeprosjekt skal måtte sørge for eigne mellombelse avløpsreinseanlegg, ønskjer kommunen å etablere større felles slamavskiljarar ved fire hovudutsleppspunkt på avløpsnett (Grunnavaågen, Djupavik, Hystadvikjo og Sævarhagen). Slamavskiljarane skal reinse deler av avløpsstraumen i avløpsnett (til dømes tilsvarande 25-50 pe). Reinsa avløpsvatn frå slamavskiljarane skal deretter førast tilbake til kommunalt avløpsnett og ut i resipienten via eksisterande utsleppspunkt.

Regelverk

Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve til er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og krav i vassforskrifta er lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsvurderingane etter forureiningslova.

Forureiningsforskrifta og utsleppsløyvet

Stord tettbygde område har utslepp av avløpsvatn større enn 10 000 pe til sjø, og er derfor omfatta av krava i forureiningsforskrifta kapittel 14, sjå forureiningsforskrifta § 14-1.

Stord tettbygde område har utslepp til mindre følsam resipient og har i utsleppsløyvet av 29. februar 2016 fått unntak for krav om sekundærreinsing jf. forureiningsforskrifta § 14-8 tredje ledd. Utsleppa skal ifølge utsleppsløyvet tilfredsstille primærreinskrava i forureiningsforskrifta § 14-2.

Plan og bygningslova

Plan og bygningslova § 27-2 seier at før oppretting eller endring av eigedom eller bygning, eller oppføring av bygning blir godkjent, skal avløpsvatn førast bort og vere sikra i samsvar med forureiningslova.

Dette betyr at Stord kommune ikkje kan tillate ny tilknytning til eksisterande avløpsanlegg så lenge desse anlegga ikkje oppfyller reinsekrava i forureiningsforskrifta kapittel 14 og utsleppsløyvet. Kommunen har også ei tiltaksplikt ved fare for forureining jf. forureiningslova § 7 andre ledd.



Dersom nye bygningar skal byggast og takast i bruk i område som ikkje oppnår primærreinsing¹, må det difor planleggast eigne avløpsløyser for desse bygningane for å ivareta primærreinsingkravet.

Statsforvaltaren si vurdering og grunngiving

For å sikre at avløpsvatn frå ny busetnad og næring oppnår gjeldande reinsekrav, har Stord kommune søkt om å etablere felles mellombelse slamavskiljarar for nybygg i det tettbygde området. Slik Statsforvaltaren oppfattar det skal slamavskiljarane ha kapasitet til å reinse avløpsvatn i eit omfang som svarar til forventta tilførsler frå nybygg i dei ulike områda.

Stord tettbygde område har i dag krav om at utslepp av avløpsvatn minimum skal oppnå primærreinsing før utslepp til resipient. Kommunen står fritt til sjølv å velje korleis reinsekrava skal oppnåast. Statsforvaltaren vurderer at så lenge kommunen sørger for at avløpsløyser som vert etablert har tilstrekkeleg dimensjonering til å ta hand om utsleppa frå nybygga som vert knyta til, så vil avløpsløysera vere i tråd med krava i forureiningsforskrifta og utsleppsløyvet. Vi minner her også om at kommunen også må sikre at dei nye påsleppa ikkje medfører overskriding av den hydrauliske kapasiteten til eksisterande avløpsanlegg nedstraums påsleppa.

Vurdering av miljøverknader

Ny busetnad vil medføre auka utslepp frå Stord tettbygde område til resipientane samanlikna med i dag, men tilførslane frå den nye busetnaden vil ikkje overskride rammene for tilførsler sett i utsleppsløyvet for Stord tettbygde område. Utsleppa skal også overhalde reinsekrava som er sett i utsleppsløyvet.

Rammevilkår og utsleppskrav i utsleppsløyvet for Stord tettbygde område er gitt på bakgrunn av krav i forureiningsforskrifta og vurdering av miljøtilstand og sårbarheit til aktuelle resipientar. Så lenge rammer og reinsekrav i gjeldande løyve blir overhalde har vi ikkje grunn til å tru at vurderingane som var lagt til grunn då gjeldande utsleppsløyve vart gitt, ikkje lenger er gyldige.

Resipientundersøkingar utført i 2022 i områda der utsleppa er planlagt, konkluderte med at resipienten ikkje viser teikn til å vere negativt påverka av utsleppa frå eksisterande anlegg. Undersøkinga god miljøtilstand med omsyn til organisk stoff og næringsstoff².

På bakgrunn av dette vurderer vi at det ikkje er behov for ytterlegare vurderingar av søknaden etter prinsippa i naturmangfaldlova og krava i vassforskrifta enn det som allereie er utført i samband med gjeldande utsleppsløyve for det tettbygde området.

Vi vurderer dermed miljørisikoen knytt til dei mellombelse avløpsløyserne som akseptable sett i lys av formålet og retningslinjene i forureiningslova §§ 1 og 2.

Vurdering av verknader på nærmiljø

Behandling av kommunalt avløpsvatn og avløpsslam kan medføre utslepp av lukt. Spesielt ved tømning av avløpsslam frå slamavskiljarane vil risikoen for luktutslepp til nærområda truleg kunne auka noko samanlikna med dagens situasjon. I tillegg kan drift, vedlikehald og tømning medføre noko meir køyring til og frå dei aktuelle anlegga enn i dag.

¹ Dette gjeld alle delar av Stord tettbygde område med unntak av områda som blir ført til Skjersholmane reinseanlegg.

² Rådgivende biologer 2023. Resipientgranskning Stord 2022.



Informasjon om nærleik til busetnad eller liknande er ikkje omtalt i søknaden. Ved planlegginga av slamavskiljarane si plassering må kommunen vurdere eventuelle verknader for nærmiljøet (støy, lukt) og ta omsyn til dette.

Dei mellombelse avløpsløyvingane vil også vere omfatta av dei generelle krava til lukt og støy i gjeldande utsleppsløyve for Stord tettbygde område. I samsvar med utsleppsløyvet skal kommunen vidare gjennomføre miljørisikovurderingar for avløpsløyvingane og iverksette tiltak der vurderingane viser uakseptabel miljørisiko, sjå presiseringar om dette i vedlagte vilkårsdel.

Statsforvaltaren vurderer at med god planlegging og gode rutinar for drift og slamtømming, vil risikoen for eventuelle støy- og luktulempar knytt til dei mellombelse avløpsløyvingane vere akseptable sett i lys av formålet og retningslinjene i forureiningslova §§ 1 og 2. Det er i dette vedtaket stilt eigne vilkår som skal sikre ei god handtering og avgrense eventuelle støy- og luktulempar frå anlegga. Vilkåra er gitt i vedlegg til dette brevet.

Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at den mellombelse avløpsløyvinga vil vere akseptabel sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av forureiningsulempene samanstillt med fordelar og ulemper som løysinga elles vil føre med seg, gjev vi løyve til den mellombelse avløpsløyvinga på nærare fastsette vilkår.

Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*. Sidan vedtaket ikkje endrar dei overordna rammene for utslepp av avløpsvatn i det tettbygde området, er det ikkje gjennomført førehandsvarsling i denne saka.

Klagerett

Stord kommune og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, kome fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Anette Heggøy
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vilkår for løyvet

Avløpsanlegga er omfatta av dei generelle vilkåra i kommunen sitt gjeldande utsleppsløyve for Stord tettbygde område (2016.0144.T). I tillegg er det stilt følgjande krav til avløpsløyvinga.

1. Kontroll med tilførsjar

Kommunen skal sikre at alle nybygg som vert knytt til kommunalt nett i det tettbygde området har avløpsløyvingar som oppnår reinsekrava i utsleppsløyvet. Når det gjeld tilførsjar frå nybygg som skal handterast gjennom felles slamavskiljarar, skal kommunen ha kontroll på at kapasiteten til dei aktuelle slamavskiljarane er i samsvar med nybygga sine tilførsjar i maksveke.

2. Prøvetaking og dokumentasjon av reinsegrad

Kommunen skal dokumentere reinsegraden ved anlegga gjennom prøvetaking av inn- og utløpsvatn. Gjeldande krav til prøvetaking og vassmengdemåling følger av forureiningsforskrifta §§ 14-11 og 14-12.

3. Miljøriskovurdering og internkontroll

Dei mellombelse avløpsløyvingane skal inkludert i miljørisikovurderingane for Stord tettbygde område (sjå vilkår 2.1 i løyvet 2016.0144.T). Nødvendige tiltak skal setjast inn dersom identifiserte risiko overskrider definerte akseptkriterium, på same måte som for andre delar av avløpsanlegga i det tettbygde området.

Planlagte drift- og kontrollrutinar for dei mellombelse anlegga skal inngå i kommunen sitt internkontrollsystem.

4. Lukt

Ved val av plassering av slamavskiljarane skal eventuelle verknader for nærmiljøet vurderast og takast omsyn til.

Slamavskiljarane er omfatta av krav gitt i gjeldande utsleppsløyve for Stord tettbygde område (sjå vilkår 4 i løyvet 2016.0144.T). Slamavskiljarane skal på same måte som andre delar av avløpsanlegga drivast på ein slik måte at lukt frå anlegga ikkje er til vesentleg sjenanse for naboar og brukarar av nærområda til anlegga. Risikovurdering med omsyn til lukt frå slamavskiljarane skal inngå i miljørisikovurderinga for anlegga, sjå punkt 3 over.

5. Støy

Slamavskiljarane er omfatta av støykrav gitt i gjeldande utsleppsløyve for Stord tettbygde område (sjå vilkår 5 i løyvet 2016.0144.T). Oppgitte støygrenser i løyvet gjeld all støy frå den ordinære drifta av avløpsanlegga, inkludert intern transport på områda for anlegga og lossing/lasting av råvare, slam etc.

6. Rapportering til Statsforvaltaren

I samsvar med utsleppsløyvet for Stord tettbygde område skal Stord kommune innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik for føregåande år via www.altinn.no, jamfør vilkår 14 i løyvet i 2016.0144.T. Miljødata og informasjon om dei mellombelse avløpsanlegga skal inngå i denne rapporteringa.